



Ytre-Tysse

- frå industristad til koseby?

Aina Tjosås

Masteroppgåve

Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning

Universitetet i Tromsø

Våren 2010

Forord

Takk til alle informantane som har delt tankar og draumar de har for Ytre-Tysse. Det hadde det ikkje blitt noko av denne oppgåva utan dykk.

Takk til ordførar og tilsette i Samanger kommune, som har leita i gamle arkiv, svart på spørsmål og alltid vore svært imøtekomande.

Takk til veileidar Anniken Førde som aldri gitt opp trua på at eg skulle kome i mål. Takk for gode innspel og konstruktive tilbakemeldingar.

Takk til Husbanken Region vest for god tilrettelegging av arbeidssituasjonen.

Og mest av alt - **takk** til Kjell Inge, Sunniva, Gøril og Hallvard som har vore tolmogige og levd med mine opp- og nedturar.

Os, mai 2010

Innhald

1 Innleiing	5
Utgangspunkt for arbeidet.....	6
Inntak til stadanalyse.....	8
2 Lokal kontekst.....	9
Ytre-Tysse.....	11
Bjørkheim	12
Tettstadprogrammet	13
3 Teoretisk tilnærming og presisering av problemstilling....	16
Ulike perspektiver på stad.....	16
Stad som bakgrunnsramme, ”location”.....	17
Stad som oppleving, ”sense of place”	17
Stad som sosial kontekst: ”locale”	17
Tradisjonelle stadanalysar.....	18
Sosiokulturelle stadanalysar.....	19
Bruk av staden.....	19
Bilete av staden	20
Stadinteresser	20
Planlegging og deltaking.....	21
Presisering av problemstilling.....	22
Kven brukar Ytre-Tysse og til kva formål?	23
Kva bilete finns på Ytre-Tysse?.....	24
Kven sitt Ytre-Tysse er lagt til grunn for tettstadutviklinga?	24
Oppsummering og refleksjon.....	25
4 Metode.....	27
Ei sosiokulturell tilnærming.....	27
Kvantitativ og kvalitativ metode.....	29

Forske på fenomen i egen kultur.....	30
Roller og statussett.....	31
Produksjon av data.....	32
Gjennomføring av datainnsamling.....	34
Oppsummering og refleksjon.....	36
5 Analyse	37
Ytre-Tysse – kven brukar staden og til kva?	39
<i>Den fysiske tettstaden</i>	42
<i>Den sosiale tettstaden</i>	44
<i>Tankar rundt bruk av Ytre-Tysse</i>	47
Ytre-Tysse - kva bilete finns?.....	48
<i>Bilete av fabrikkstaden Ytre-Tysse</i>	49
<i>Bilete av eit kraftsamfunn</i>	50
<i>Bilete av tettstaden Ytre-Tysse</i>	51
<i>Bilete av sjøstaden Ytre-Tysse</i>	53
<i>Tankar rundt bileta av Ytre-Tysse</i>	54
Ytre-Tysse – samhandling og interesser	56
<i>Medverknad</i>	57
<i>Arealbruk og interesser</i>	58
<i>Visuell og estetisk utforming</i>	59
<i>Tankar rundt interessene på Ytre-Tysse</i>	60
6 Avslutning.....	63
Oppsummering og refleksjon.....	63
”Det skjer ingenting på Ytre-Tysse”	65
”Kva er Samanger utan Tysse”?	67
”Samhandling er veldig komplekst”	67
Sosiokulturelle stadanalyser i lys av kommunikativ planlegging.....	68
7 Litteratur	70
8 Vedlegg.....	73
Intervjuguide	73

1 Innleiing

Stadutvikling er eit viktig satsingsområde i mange kommunar og ein viktig strategi for regional utvikling. Over heile landet er det stor aktivitet for å utvikle meir attraktive tettstader og småbyar. Dette heng ofte saman med konkurransen om innbyggjarar, arbeidsplassar og den gode arbeidskrafta. Dei stadene som folk opplever som mest attraktive går ofte av med sigeren.

Omgrepet stadutvikling famnar vidt og blir brukt ulikt frå stad til stad. For nokon er omgrepet det same som estetikk, byggeskikk og ei oppfiksing av dei fysiske omgivnadane. Andre definerer stadutvikling meir i retning av ein strategi eller metode for brei utvikling av lokalsamfunnet, der dei fysiske omgivnadane blir sett i samanheng med det sosiale miljøet på staden, kultur- og fritidstilbodet, næringsutvikling mm.

Ytre-Tysse er ein liten tettstad i Samnanger kommune, like aust for Bergen. Staden er i endring frå å vere kommunesenter og viktig industristad, til å kanskje miste begge desse funksjonane. Fabrikken har flytta mykje av produksjonen til lågkostland og mange av funksjonane som naturleg høyrer heime i eit kommunesenter er flytta, eller det føreligg planar om å flytta, til Bjørkheim.

I mange år var eg ein av dei mange som berre køyrer *gjennom* Samnanger, på veg til eller frå Bergen. Gjennom familie og vener, samt arbeid i Husbanken, har eg etter kvart fått kjennskap til mykje av det som skjer i det vesle lokalsamfunnet. Ønskje om å bevare og halde liv i det gamle, samstundes som kommunen skal tilpasse seg ei ny tid, gjer at Samnanger er eit interessant case å studere i stadutviklingsamanheng. I denne masteroppgåva ønskjer eg å sjå nærare på Samnanger kommune sine utfordringar rundt arbeidet med utvikling av kommunesenteret Tysse. Oppgåva legg hovudvekt på dei sosiokulturelle aspekta ved Tettstadprogrammet på Ytre-Tysse.

Utgangspunkt for arbeidet

Tysse er eit lite industrisamfunn som vaks fram rundt elva Tysse og etablering av ullvarefabrikken i 1850-åra. Elva gav høve for kraftproduksjon og billeg straum. Rundt fabrikkens vaks det fram eit levande og rikt lite industrisamfunn med alle nødvendige funksjonar.

Tysse er kommunesenteret i Samnanger. På austsida av elva ligg Ytre-Tysse med fabrikkens, og vest for elva ligg Indre Tysse der kommunehuset er lokalisert. Indre og Ytre-Tysse har ulik karakter, og er sterkt skilt frå kvarandre med fossen og elveosen. Ytre-Tysse er den eigentlege tettstaden som vaks fram rundt fabrikkens og kaien. Indre Tysse er yngre og meir dominert av bustader frå ulike periodar. Medan ”ytre” vender seg mot kaien og sjøen, er ”indre” tydeleg sentrert mot vegen.

Sjølv om fabrikkens også i dag sysselset mange i Samnanger, er Tysse som stad ganske langt frå si glanstid. På Ytre-Tysse er det berre to utsalsstader tilbake, ein matvarebutikk og ein byggevarehandel. Hagaåstunnelen har ført til at det meste av trafikken aust – vest no går utanom tettstaden. I tillegg har dei fleste som har etablert seg i Samnanger kommune den seinare tid, valt å busetje seg andre stader i kommunen. Årsaka til dette kan vere tilgang til tomter og enklare kommunikasjonsmessige tilhøve. I byrjinga av 1990-tallet var det liten aktivitet på fabrikkens og framtidsutsiktene var usikre. Både tyssebebuarane og kommunen følte at Ytre-Tysse var i ferd med å forvitne og det vaks frem eit ønske om fornying og større aktivitet. I 1995 blei det laga ein reguleringsplan og samtidig ei tettstadsanalyse som skisserte fortetting og ei mogeleg miljøgate gjennom sentrum. Ein viktig føresetnad for ei slik utvikling av Ytre-Tysse var at riksvegen sørover blei lagt i tunnel . Manglande finansiering gjorde at tunnelplanen blei lagt bort og dermed også planane for Ytre-Tysse.

I 2000 blei arbeidet tatt opp igjen og arkitektkontoret ABO laga ei skisse som viste korleis ei fortetting av Ytre-Tysse kunne bli sjåande ut. Skissa skapte sterke reaksjonar blant bebuarane på Ytre-Tysse som plutselig fekk ”eit hus i hagen”. Men det starta ein prosess og fleire har rusta opp både hus og naust i etterkant. Tettstadprogrammet for Ytre-Tysse blei vedteke i 2005. Sentrale element i programmet er tunnel bak tettstaden, miljøgate, kai, minnepark og ”folk i husan”. Ved hjelp av eit tett samarbeid med

Vegvesenet, BKK (Bergenshalvøens kommunale kraftselskap), Fylkeskommunen og nabokommunen Fusa har Samnanger klart å få til eit spleiselag som gjer at arbeidet med tunnelen startar opp i 2013.

Uavhengig av planar om omlegging av trafikk, etablering av miljøgate og opprustning av bygningsmassen på Ytre-Tysse, er det ei anna utvikling på gang som kan få stor påverknad for utviklinga i Samnanger og som det kanskje er vanskelegare for kommunen å styre. Fire kilometer frå Ytre-Tysse ligg Bjørkheim. Etter kvart som Ytre-Tysse har mista sin funksjon som handels- og servicesenter, har stadig fleire verksemder etablert seg på Bjørkheim. Frå gammalt av var det ei kro/motell på Bjørkheim. I dag er det i tillegg bensinstasjon, post, bank, frisør, fabrikkutsal og nokre butikkar her.

I samband med diskusjonen om det gamle og slitte kommunehuset på Indre Tysse skal rivast, pussast opp eller om heile kommuneadministrasjonen skal flyttast, kjem Bjørkheim opp som eit naturleg alternativ til lokalisering. Sidan NAV-kontoret i dag er lokalisert i kommunehuset, er det rimeleg å tru at også denne funksjonen blir flytta. Dersom ein vel å flytte kommuneadministrasjonen vil det i praksis bety at kommunesenteret blir flytta frå Tysse til Bjørkheim. Endringane som skjer kan for mange synast å vere naturlege og uproblematisk. For andre er det dramatisk. ”Samnanger er ingen ting utan Ytre-Tysse”, vert det hevda. Gjennom Tettstadprogrammet er det vedteke at ein ønskjer å gjenreisa landsbyen Ytre-Tysse. Samstundes er det politisk semje om at det skal satsast på Bjørkheim som servicestad. Spørsmålet som dukkar opp er om ein liten kommune som Samnanger kan klare å oppretthalde, og helst utvikle, to levande tettstader.

Sjølv om Samnanger er ein liten kommune, er utfordringane dei møter i utviklingsarbeidet dei same som i mange større kommunar. I kva del av kommunen skal ein satse tyngst? Kven blir invitert med i prosessane og korleis blir innspel handsama? For ein utanforståande synest det som om det i stor grad er ”damene på kommunehuset” som er drivkreftene bak det som er planlagt på Ytre-Tysse. Dette gjer meg nyskjerring på om det store engasjementet rundt Ytre-Tysse som desse har, også har smitta over på resten av innbyggjarane og politikarane.


Inntak til stadanalyse

Tradisjonelle stadanalysar, lik den som alt er laga på Ytre-Tysse, undersøker i hovudsak fysiske og historiske trekk ved staden. Det blir i liten grad tatt omsyn til dei sosiale og kulturelle sidene ved staden i slike analyser. NIBR (Norsk institutt for by- og regionforskning) har gjennom fleire ulike stadstudier utvikla eit metodisk verktøy for å generere kunnskap om sosiale og kulturelle tilhøve på ein stad (Røe m.fl 2002). Ved hjelp av dette metodiske verktøyet ønskjer eg å avdekke kva bilete og førestellingar innbyggjarane i Samnanger har av kommunesenteret sitt og det tettstadprogrammet som er vedteke. Spørsmål som eg ønskjer å stille er:

- *Korleis ser innbyggjarane på utfordringar knytt til Ytre-Tysse si framtid?*
- *Kva interesser er lagt til grunn for tettstadutviklinga på Ytre-Tysse?*
- *I kva grad er innbyggjarane sine bilete og førestellingar samanfallande med kommuneadministrasjonen og politikarane sine?*
- *Dannar dei som er invitert til å delta i utviklinga av tettstadprogrammet eit representativt utval av innbyggjarane i kommunen?*

Sjølv om eg i denne oppgåva vil prøve å kaste lys på Tettstadprogrammet i Samnanger, vil oppgåva også kunne ha interesse for andre. Tysse blei etablert som ein lite industristad på grunn av tilgangen til kraft. Andre stader er lokalisert der dei er på grunn av andre ting som gunstige hamnetilhøve, naturleg knutepunkt osv. Felles for mange av desse stadene er at dei må finne eit nytt grunnlag for eksistens når dei naturlige fell bort. Trong for medverknad og brei deltaking frå innbyggjarane vil i stor grad vere den same som i Samnanger. Teoretisk tilnærming vil bli nærare utgreidd i kap.3.

2 Lokal kontekst



Figur 1 Kart over Hordaland fylke(www.samnanger.kommune.no)

Figur2 Kart over Samnanger kommune(www.samnanger.kommune.no)


Samnanger kommune ligg sentralt i Hordaland fylke og bind saman Bergen i vest og Kvam i Hardanger i aust. Gullfjellet i vest og Kvamskogen i aust gjer likevel at Samnanger kommune ligg litt inneklemt og for seg sjølv.

Innbyggjartalet ved siste årsskiftet låg på rundt 2370. Den tettaste busetnaden finn ein inst i fjorden, frå Ådland til Bjørkheim, og frå Håga og vidare til Tysse. Bjørkheim har dei siste 15 årene etablert seg som handelssenteret i kommunen, mens Tysse er kommunesenteret. Det samla arealet er på 265,5 kvadratkilometer. 84 prosent av arealet i kommunen er bratt og ligger høgare enn 150 moh. Det ligg derfor ikkje til rette for jordbruk i stor skala. Vatn har kommunen mye av og kraftkrevjande industri og vasskraftproduksjon har vore grunnlaget for utvikling og vekst i over hundre år. Kraftutbygginga på Frøland tok til i 1901 og er stadig ei viktig brikke i det som no er BKK sin kraftproduksjon. I 1886 blei Samnanger Uldvarefabrikk etablert på Tysse, og på det meste hadde fabrikkens over 300 tilsette. I byrjinga av 1900-talet vaks tettstaden Tysse fram med mange små butikkar og småbedrifter. Organisasjons- og lagsarbeid med både idrett, musikk og andre aktivitetar fekk ei rivande utvikling. Folketalet var rekordhøgt i

1910 med 3025 innbyggjarar. I 1907 blei Samnanger eigen kommune med Tysse som kommunesenter.

Gjennom heile kommunen si historie har det vore sterke private krefter som har vore premissleverandørar for det meste av utvikling og vekst i Samnanger. Fabrikken ved fjorden og kraftverket på Frøland har i stor grad skaffa inntekter og lagt føringar for utviklinga av kommunen. God tilgang på arbeid i industrien og i kraftutbygginga har ført til mindre trong for etablering av andre næringsverksemdar. Unntaket var handelsnæringa på Tysse som fikk eit oppsving med auka folketal.

Med unntak av 2008 og 2009 har Samnanger kommune hatt ein svak vekst i folketalet dei siste åra. Hovudårsaka til veksten kan forklarast med den stramme bustadmarknaden og dei høge bustadprisane i Bergen. Dette har ført til større press i nabokommunane. Nasjonale framskrivingar tyder på at veksten i folketalet vil halde fram dei næraste åra. Den største veksten kjem i aldersgruppa 60 – 80 år. Denne statistikken byggjer på middels nasjonal vekst.



Figur 3 Folkemengde 1995-2010 og framskrevet 2011-2030 (kjelde SSB)

Tilrettelegging for auka bustadutbygging i sentrale områder av kommunen og den positive utviklinga dei siste åra, gjer at Samnanger kommune ventar ein større tilvekst enn det prognosane tilseier og då i aldersgruppa barn samt 20 – 66 år. Tala for 2009 viser at det er 105,6 menn per 100 kvinner i aldersgruppa 20 – 39 år. Kommunen har ein litt større del eldre over 80 år enn gjennomsnittet for kommunane elles i landet, mest delen born og unge er lik landsgjennomsnittet. Del høgt utdanna er lågare i Samnanger (17,6

%) enn i resten av fylket (26,5 %). Tradisjonelt har gutane jobba på anlegg og jentene i helsesektoren. Den låge delen høgt utdanna medverkar også til låg gjennomsnittleg inntekt. I Samnanger er gjennomsnittleg bruttoinntekt 292 400 kr mens den i fylket elles er 324 400 kr. Tal frå Folke- og boligtinga i 2001 viser at 59, 2 % av de sysselsette pendlar ut av kommunen og heile 73 % av mennene. Over halvparten av arbeidsplassane i kommunen i 2000 er i offentlig sektor og 70 % av disponible driftsmidlar går til lønnsutgifter. Dette gjer at rask omlegging av tenestetilbod og satsing på nye områder er problematiske også økonomisk. Samnanger kommune er definert som ein liten kommune med middels bundne kostnader og middels frie disponible inntekter målt pr. innbygger. Ulike inntekter knytt til kraftutbygging hjelper sterkt til at det finns eit visst økonomisk handlingsrom i kommunen. I tillegg gjer småkommunetilskotet i det statlige finansieringssystemet sitt til at kommunen kan gi tilfredsstillande tenester. Ei omlegging av rammevilkåra som fører til at Samnanger får mindre inntekter, vil derfor føre til store utfordringar. I kommuneplanen frå 2007 – 2017 er eit av delmåla at kommunen skal legge til rette for bygdeutvikling gjennom etablering av ny næringsverksemdar innan lokale matvarer, nisjeprodukt og oppleving. Aktivt bruk av statlege økonomisk ordningar og god kommunal styring med bygdeutviklinga skal sikre at innbyggerane kan stille seg bak visjonen;

Samnanger - der du vil leva og bu

Samnanger kommune har vore flinke til å ”hengje seg på” ulike utviklingsprogram, sist gjennom livOGlyst programmet i regi av Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Noreg. Programmet skal vere med på å utvikle lokalsamfunn i bygd eller bydel i Hordaland fylke og har som føremål å stimulere til nyskaping, næringsutvikling, bulyst og trivsel på ein systematisk og langsiktig måte. Samnanger er eitt av tre lokalsamfunn som blei tatt opp som hovudprosjekt i 2009.

Ytre-Tysse

Ytre-Tysse er ein tettstad som har vore gjennom alle utviklingsstadium for ein tettstad på vestlandet. Før 1850 var det her sjøtilkomsten var for bondesamfunna på Ytre-Tysse og

Frøland. På slutten av 1800-tallet gjorde turismen sitt inntog og med vegsamband med Hardanger blei Ytre-Tysse etter kvart eit kommunikasjonsknutepunkt mot sør og aust.

Ved hundreårskiftet hadde fabrikkene 100 vevstolar og 250 tilsette. På det meste var det over 30 ulike butikkar og småverksemdar på Tysse. I 1931 brann Uldvarefabrikken ned, og dermed blei også eit viktig grunnlag for vidare vekst og utvikling borte. Anna arbeid fanst ikkje i området og mange flytta frå kommunen. Innbyggjartalet gjekk sterkt tilbake.

Industrimannen Alfred M. Bruvik dreiv desse åra ein strømpfabrikk i Bergen. Då det vart trong for større areal, kjøpte han eigedomane etter ullvarefabrikken og i 1941 starta han strømpeproduksjonen i den nybygde Samnanger Fabrikker. Midt på 60-talet hadde fabrikkene 240 tilsette, medrekna avdelinga i Bergen og spinneriet i Kvam. Tidlig på 70-tallet kom konkurransen frå lågkostland for fullt og A/S Safa gikk tunge år i møte. Mykje av produksjonen er no flytta til Litauen. Resten av produksjonen og all pakkinga skjer framleis på Tysse, og med sine 30 årsverk er fabrikkene framleis ei hjørnesteinsbedrift i Samnanger. Tilgang på billig straum gjennom eige kraftverk har vore viktig for å kunne bevare delar av produksjonen på Tysse.

Utviklinga av tettstaden Tysse har i stor grad følgd utviklinga på fabrikkene. I gode tider har staden opplevd vekst og når det har vore dårlege tider for fabrikkene har også Tysse som stad opplevd nedgangstider.

Bjørkheim

I 1920-åra blei det bygd eit hotell på Bjørkheim. Staden var sentral i høve til riksvegen mellom Bergen og Oslo og ein svært populær rasteplass. Etter at riksvegen blei lagt om ved Ådland, blei området rundt Bjørkheim utpeika som nytt handels- og reiselivssenter på vestsida av fjorden. I siste halvdel av 1980-tallet arbeidde både kommunen og det nyetablerte folkeaksjeselskapet A/S Sambygg med reguleringsplan for området.

Sambyggs plan blei godkjent i 1986. Planen blei lagt til grunn for den vidare utbygginga med motell og rorbuer i 1990 og Bjørkheim servicetun med forretningar og kontor i 1993. I 2006 kom ein ny reguleringsplan som berre regulerer trafikkløysingar i området.

Mange frykta at ei vidare utvikling på Bjørkheim ville svekke Haga og Tysse og sette stoggar for arbeidet med ein skikkeleg reguleringsplan for området.

I samband med tunneldrivinga mellom Haga og Frøland på slutten av 1980-åra blei det eit stort overskot av masser som Samnanger kommune fikk tilgang til. Trong for å ha plass til steinen førte til eit kompromiss i kommunestyret som førde til at kommunen kjøpte utfyllingsareal på Bjørkheim. No står ein ny tunnel bak Ytre-Tysse snart for døra og diskusjonen rundt bruk av steinmassar er igjen aktuelt. Eitt av forslaga er å fylle ut i sjøen ved Bjørkheim. Slik vil det bli mogeleg å få plass til både strandpark og fleirbrukshall, og kanskje også nytt kommunehus.

Tettstadprogrammet


Ta vare på det unike og historiske gatemiljøet og etablera gode møteplassar, skal gjera Ytre-Tysse spesielt og attraktivt å trekkja mot. Den gamle, vetle og folketomme tettstaden kan gjenoppstå som ein spesiell, historisk, meir næringsvenleg og attraktiv "landsby".

(utdrag frå kommunen sin søknad om tilskot til Regionalt utviklingsprogram)

Samnanger kommune gav hausten 1995 Arkitektbruket i oppdrag å laga ei stadanalyse for Tysse. 28.november 1995 blei det halde møte på Tysse med inviterte personar som ein meinte var viktige å ha kontakt med i det vidare arbeidet. Året etter blei det arrangert eit ope møte der det kom fram viktige moment og problemstillingar som blei tatt med i det vidare arbeidet. Etter at analysa var ferdig i 1996 forsvann den ned i ei skuff og der blei den liggjande i fleire år. Då noverande ordførar blei valt i 1999, var arbeidet rundt gjennomføring av stadanalyse enno ikkje kome i gong og frustrasjonen i bygda var stor. Det viktigaste årsaka til den manglande framdrifta er i følge ordføraren at det ikkje var nokon som satt med ansvarsområdet og som eigde prosessen. I 2000 blei arbeidet rundt Ytre-Tysse henta fram igjen og ein ny prosess starta opp. Kommunen ønskte ein god medverknadsprosess og tok derfor initiativ til å få etablert Ytre-Tysse Vel.

Hausten 2005 blei reguleringsplan for Ytre-Tysse vedteken. I planen er det lagt opp til miljøgate i Tyssegata, ny kai og tusenårstad i Langåsbakken. I 2006 fekk Asplan Viak oppdraget med å lage ei skisseløysing for Ytre-Tysse. Målsetjinga var å få planlagt og

utarbeidd ein detaljplan slik at dei vedtekne tiltaka kunne realiserast. Tettstadprogrammet for Ytre-Tysse omfattar fleire delprosjekt som vist i skissa under



Figur 4 Prosjektorganisering tre prosjekt "hand i hand" (kjelde Samnanger kommune)

Tiltak VVA Ytre-Tysse er vedtatt i kommunestyret og omfattar nytt høgdebasseng og skifting av VA-røyr.

Tiltak Kompetansesenter for Småkraft er etablert som eit 3-årig prosjekt initiert av Samnanger kommune, støtta av Hordaland Fylkeskommune, Sparebanken Vest samt kommunar og kraftlag i regionen. Det er tilsett eigen prosjektleiar. Kompetansesenteret er lokalisert på Førland og fell difor i denne omgang ut av prosjektet på Ytre-Tysse.

Tiltak Miljøgata har 3 underpunkt:

1. Miljøgata og kaien
2. Minnepark
3. "Folk i husan"

I 2006 blei det laga ei skisseløysing for heile miljøgateområdet. Interne utskiftingar i kommunen og tidkrevjande prosessar kring kailøysingar, gjorde at arbeidet drog ut i tid. Først i november 2007 starta arbeidet med å få på plass detaljplanar for anbodsmaterialet. Representant frå Vegvesenet deltok i prosjektgruppa og ein trudde difor at planane rundt omkøyringsveg under gravinga i Tyssegata var godt nok forankra. Når Vegvesenet likevel ikkje godkjente løysinga, fall miljøgatedelen av prosjektet bort. Kommunen valte derfor å satse på gjennomføring av nytt kaiområde og realisering av minneparken i første omgang. I ettertid har kommunen vedteke å starte opp arbeidet også med miljøgata. Uti anleggsperioden kan det rett nok verta trong for å stenga vegen eit par dagar, men elles meiner kommunen at dei skal kunna gjennomføra denne delen av planen for Ytre Tysse utan særskilde trafikkproblem.

Det har vore ei stor utfordring for kommunen å få innbyggjarane på Ytre-Tysse til å halde oppe trua på prosjektet. Ordføraren seier at engasjementet frå politikarane og innbyggjarane på Ytre-Tysse var svært sterkt i byrjinga. Etter kvart har det vakse fram ein resignasjon. *”Det blir ikkje noko av det likevel, dette får me ikkje oppleve”*. Dette har blitt forsterka med Tyssetunnellen som har vore inn og ut av planane på Vegkontoret. I 2006 kjøpte kommunen ei flytebryggje som har blitt svært populær. Ved å kjøpe bryggja ønskte kommunen å vise innbyggjarane at arbeidet ikkje er stoppa opp, men at ting er på gang.

3 Teoretisk tilnærming og presisering av problemstilling

Ulike perspektiver på stad

Omgrepet *stad* er komplekst, og blir nytta på mange ulike måtar og i forskjellige faglege samanhengar. Til tross for sitt varierende meiningsinnhald, er omgrepet likevel relativt uproblematisk i kvardagsleg kommunikasjon. Intuitivt tek vi omsyn til at *stad* er eit diffust omgrep som først får eintydig mening når det blir sett inn i ein kontekst.

Ordet *stad* blei fram til 1970-tallet i stor grad sett på som eit allment og alminneleg ord som ikkje trong teoretisk eller fagleg presisering. Ofte blei ordet brukt synonymt med region, lokalisering, punkt på overflata, område eller rom ("space"). Særlig omgrepet, "space", har vore emne for omfattande interesse og debatt dei seinare tiåra.

Den franske filosofen Henri Lefebvre var gjennom sin triade i verket *La Production de l'espace* frå 1974, sentral i arbeidet med å vidareutvikle omgrepet *stad* til ei forståing av rommet som ein sosial kontekst. Ein stad handlar ikkje berre om fysiske bygningar, men og om sosiale aktivitetar som overlappar kvarandre, er dynamiske og i stadig endring. Lefebvre såg rommet som eit sosialt produkt og noko som blir produsert kontinuerleg. For å analysere og forstå eit slikt sosialt rom, utvikla han ein romleg triade som består av romleg praksis (det erfarte rom), rommet sine representasjonar (det forståtte rom) og representasjonane sitt rom (det levde rom). Lefebvre meinte at dei tre perspektiva må sjåast i samanheng for at ein skal få ei fullverdig forståing av ein stad.

Den engelske geografen Doreen Massey påpeikar at ein *stad* ikkje har ein tydeleg identitet som er gitt på førehand og som er fri frå motsetningar. Ein stad er konstruert av møta, skjeringspunkta og uttrykka som følgjer av eit mangfald av sosiale relasjonar (Massey 1991). Utover på 1980-talet auka interessa for omgrepet *stad* og John Agnew (1987) slo fast at tre hovudforståingar kunne identifiserast i den geografiske litteraturen. For det første blei det lagt vekt på å sjå ein stad som ein *lokalisering*, dvs eit spesifikt fysisk område som dannar bakgrunn for økonomisk og anna samfunnsmessig aktivitet. Den andre forståinga la vekt på *sense of place* eller på oppleving og den kjenslege dimensjonen ved ein stad. Det tredje dimensjonen oppfattar ein stad som *local* eller som "setting" for kvardagslivet si sosiale samhandling.

Stad som bakgrunnsramme, "location"

Forståinga legg vekt på stad som bakgrunnsramme; dei ytre, objektive, fysiske og materielle føresetnadene som det sosiale og økonomiske livet føregår innanfor ramma av. Det kan dreie seg om alt frå tilgang på råvarer, klima, hamne- og tomtetilhøve, avstand og infrastruktur, men også folkesetnad, arbeidskraft, bustadprisar og så vidare.

Staden blir vurdert utanfrå og med hovudvekt på synlege eigenskapar som lar seg kvantifisere. Ved å registrere fysiske forhold i rommet, prøver ein å forstå kultur og identitet (Røe m.fl 2002). Ei slik vurdering kan basere seg på sekundære kjelder som statistikk, generelle oppslagsverk, kart etc., utan at ein har vore der og opplevd staden.

Stad som oppleving, "sense of place"

Å forstå ein stad som "sense of place" bygger på at aktørar ikkje handlar ut frå korleis staden "eigentleg" er, men korleis dei subjektivt sett oppfattar og tolkar staden. Dersom vi ønskjer å forstå korleis menneske handlar i høve til ein stad, må vi derfor studere korleis menneska opplever staden sin. Rom blir altså til ein stad med ei gong menneske har tillagt det ein eller annan form for meining (Sack 1997).

I motsetnad til "location" går "sense of place" eksplisitt på tilhøve menneske - stad. I staden for å skildre staden må ein søkje å forstå korleis menneske tenkjer om staden. Fordelane med ei slik tilnærming er at ein kan få viktig informasjon om kvifor folk tar dei vala dei gjer.

Stad som sosial kontekst: "locale"

Sosiologen Anthony Giddens (1984:118) legg vekt på at ein må forstå "locale" som ein slags møteplass eller knutepunkt der kvardagsaktivitetar hjå ulike individ kryssar kvarandre i tid og rom. Eit universitet eller eit bysentrum kan være typiske eksempel. På stader der menneske møter kvarandre utviklar det seg uformelle og formelle reglar for korleis ein kan oppføra seg. På universitetsbiblioteket vil det for eksempel vere "skikk og bruk" at ein brukar "innestemme" og flyttar seg stille rundt om i lokalet, mens det i

kantina er rom for latter og høge diskusjonar. Ein stad er ikkje berre ei gitt statisk ramme for sosial samhandling men noko som, på grunn av menneska sine aktivitetar og handlingar, heile tida blir omskapt. Samstundes som staden endrar seg som følge av menneska sine aktivitetar, vil staden også påverke desse aktivitetane.

Doreen Massey (1991) er i arbeidet sitt oppteken av at ein må forstå ein stad som eit dynamisk omgrep, som er i konstant endring og produksjon. Ho stiller spørsmålsteikn ved den måten vi tradisjonelt har forstått omgrepet stad; som land, lokalitetar og med statiske og homogene fellesskap. Dei aktivitetane som formar ein stad, er ikkje berre lokale, men i stadig større grad også globale. Dette er bakgrunnen for at Massey talar om "a global sense of place", kor det globale ofte vil inngå som ein naturleg del av brukarane sine kvardagslege praksisar i eit lokalområde.

Dei tre hovudforståingane av omgrepet stad, location (materialitet), sense of place (subjektiv oppleving) og locale (ramme for handling) dannar til saman den heilskapen som er staden. Kvar ein skal leggje hovudvekta skal, avheng først og fremst av tema og problemstilling for den analysen vi ønskjer å gjennomføre.

Tradisjonelle stadanalysar

På byrjinga av 90-talet var det stor merksemd rundt omgrepet "stad" og "stadutvikling" i planleggingsdebatten. Det var ei brei oppfatning at mange norske tettstader i stor grad hadde mista sin karakter og identitet. For å få betre tettstader, blei *stadanalysar* utvikla som eit viktig analysereiskap. Slike analyser skulle danne grunnlag for bevaring av kvalitetane ved staden, for utbetringstiltak og for tilrettelegging av betre utvikling. I 1993 gav Miljøverndepartementet ut ein rettleiar i stadanalysar og i ettertid er det utført hundrevis av analyser rundt om i landet. Analysane har i stor grad tatt for seg dei fysiske "spora" som menneska sine sosiale og kulturelle aktivitetar har ført med seg.

Sosiokulturelle stadanalysar

Saglie (2000) meiner at dei tradisjonelle stadanalysane har eit stort uutnytta potensial som verktøy i planlegging basert på idear om *kommunikativ rasjonalitet*. Det er ikkje nok at det finns arenaer for deltaking, ein også må legge til rette for diskusjonar og medverknad.

Som eg har vist til tidlegare, har nyare samfunnsforskning granska folks oppfatning av ein stad som sosialt konstruert, og ikkje noko som eintydig kan lesast av i landskapet. Denne vinklinga gjer også at ein stad kan analyserast på linje med andre sosiale fenomen. Sosiokulturelle stadanalysar byggjer på eit slikt konstruktivistisk perspektiv som seier at ein stad er sosialt konstruert og produsert og at staden eksisterar berre ved at menneska knyt erfaringar og meiningar til den. Som eit resultat av denne sosiale kompleksiteten, er stader ofte tema for spenningar og interessekonfliktar.

NIBR har gjennom fleire ulike stadstudier utvikla eit metodisk verktøy for å generere kunnskap om sosiale og kulturelle tilhøve på ein stad (Røe m.fl 2002). Verktøyet legg vekt på dei tre sosiokulturelle analysedimensjonane;

- **Bruk av staden** (kva formål staden blir brukt til og korleis aktørar bruker staden).
- **Bilete av staden** (mentale bilete, representasjonar av ein stad som blir konstruert gjennom førestillingar og praksis).
- **Stadinteresser** (korleis ulike maktuttrykk gjer seg gjeldande).

Bruk av staden

Det første elementet i ei sosiokulturell stadanalyse er bruk av staden, noko som er nær knytt til den fysiske utforminga. Fysisk planlegging, arkitektonisk utforming og landskapet får innverknad på så vel trivsel, funksjonalitet og bruk. I denne oppgåva ønskjer eg derfor å rette søkelyset på kva Ytre-Tysse blir brukt til og av kven. På alle stader er det eit mangfald av brukarinteresser. Skal ein lukkast med å utvikle ein stad, er det viktig at desse interessene ikkje kjem på kollisjonskurs med kvarandre. Samtidig er det viktig at brukarinteresser blir tatt på alvor. På Ytre-Tysse er det ønskje både frå kommunen og bebuarar at staden både skal vere ein attraktiv buplass, sosial møteplass og handels- og næringsstad. Ved å kartleggje bruk av staden kan ein identifisere forklaringar

til at tilsynelatande gode areal eller plassar ikkje blir brukt i særleg grad, eller slik det var tenkt. Det same gjeld areal, som for utanforståande virkar lite attraktive, men som blir mykje brukt av lokale.

Bilete av staden

Når vi snakkar om stadbilete meiner vi mentale bilete, tankar om og representasjonar av ein stad. Slike bilete blir konstruert diskursivt gjennom førestellingar og praksis (Brattbak, Ekne Ruud, Røe og Vestby 2007). Bileta kan vere relatert til fortid, notid og framtid, og blir gjerne fremja gjennom offentlege plandokument, på kommunen si nettside, gjennom aviser og turistmateriale.

Bilete av ein stad, så vel dei interne som det image staden har utanfrå, blir forma på mange måtar og av mange aktørar. Når folk snakkar saman om slike tema kan bileta bli stadfesta eller endra. Sjølv om oppfatningar og opplevingar av ein stad langt på vei er subjektive, vil det og eksistere meir kollektive stadbilete. Slike bilete er også sosiale og kulturelle konstruksjonar som er under kontinuerlig omdanning (Vestby og Røe 2004, Ruud m.fl 2007). Medan ein tradisjonelt har sett på identitet som ein stabil essens, har det i den seinare tid utvikla seg ei forståing av at identitet blir forma gjennom sosial interaksjon og derfor er i stadig endring. Sidan identitet er eit produkt av språk, representasjonar og stadige endringar i meningsstrukturar, vil det alltid finnast fleire, og kanskje motstridande, identitetar knytt til ein stad.

Ytre-Tysse har ei spesiell historisk mening som industristad bygd opp rundt Tysseelva. Fabrikken på Ytre-Tysse har i stor grad prega "biletet" av Samnanger kommune. Ei av utfordringane til kommunen er å ivareta den historiske verdien samtidig som nye bilete blir forma og utvikla.

Stadinteresser

Kva slags oppfatningar ulike aktørar har om utviklinga på Ytre-Tysse, avheng av ståstad og interesser som er forbunde med dette. I alle stadutviklingsprosjekt eksisterer det ulike

interesser og diskursar ¹som det er viktig å identifisere fordi dei representerer føringar eller barrierar. Det kan vere sprikande eller motstridande interesser, motsetningstillhøve og konflikhtar, som det kan vere vesentleg å kartleggje. Det kan også vere slik at det på trass av ulike ståstader er samanfallande interesser som gjensidig styrkjer kvarandre eller kan inngå i alliansar. Ofte er denne dimensjonen ved tettstadutvikling undervurdert eller sett bort frå, sjølv om forskning og erfaring viser at suksesskriterium – eller barrierar – i stor grad er knytt til sjølve prosessen og interessene blant aktørar som er involvert eller berørt. Sosiokulturelle stadanalyser kan hjelpe til med å avdekke ulike maktuttrykk og peike på korleis dei kjem til uttrykk på ein stad. I tilfelle Ytre-Tysse kan det vere interessant å få synleggjort kva gruppe/aktørar som sit med den reelle makta når det gjeld utvikling av tettstaden. Er det administrasjonen, politikanane, velforeninga eller fabrikk eigaren? Eller kanskje det er andre?

Planlegging og deltaking

Teorien og tankane bak sosiokulturelle stadanalyser bygger på Habermas sin teori der vekt på konsensus og samhandling er sentralt. Sjølv om idealet er aktørar som alle ønskjer å kome fram til konsensus, er det viktig å ha i mente at Habermas sin planleggingsteori byggjer på det idealistiske og abstrakte. Ronny Kristiansen (2006) påpeikar at det er lite teori som omhandlar kva ein gjer i situasjonar der ein *ikkje* oppnår felles forståelse og konsensus. Sosiokulturelle stadanalyser er bygd opp rundt prissippet om at det er mogeleg å kome fram til semje berre det blir lagt til rette for god samhandling. Somme planleggingsteoretikarar er kritiske til eit slikt ideal. Dei meiner det er naivt å tru at deltakarane vil opptre med heilt ope sinn, at dei vil spele ut alle korta i ein dialog og at dei vil innta ei lyttande og lærande haldning – sjølv når det går ut over deira eigne interesser (Kjell Harald Olsen 2007). Kritikanane av dei kommunikative planleggingsteoretikarane byggjer ofte på den franske filosofen Michel Foucaults teoriutvikling. Hans forståing er at planlegging ber preg av rasjonalisering, konflikt, dominans og maktmisbruk, heller enn samarbeid og søk etter konsensus.

¹ **Diskurs:** Tekst og tale og alle andre typer sosiale praksiser som er produkter av erfaringer og er konstituerende for de virkeligheter som vi lever innenfor og de sannheter vi arbeider med (Lutz og Abu-Lughod 1990:9)

I tidsskriftet Internasjonal Journal of Urban and Regional Research (des 2000), blei det ført ein debatt omkring nokre av kjernespora knytta til den kommunikative planlegginga. Margo Huxley hevda at makt og maktrelasjonar må tilleggjast større vekt i analysen av planprosessar. Å tru at planleggjaren utan vidare kan frigjere seg frå det maktapparatet vedkomande er ein del av, meiner han er naivt. Denne kritikken blei imøtegått av J.Forester og P. Healey. Healey påpeika at maktaspektet ved planlegging har vore eit av hovudutgangspunkta for teorien og at heile poenget med den kommunikative tilnærminga har vore å kome med eit bidrag som kan endre maktdominansen som har vore vanleg i tradisjonell planlegging. Til kritikken om at den kommunikative planleggingsteorien er for generelt utforma, svarer Healy at det er bevisst. Kva som er rettferdig, effektivt og demokratisk må definerast ulikt frå stad til stad. Skal ein lykkast med kommunikativ planlegging seier ho at ein må demokratisere planlegginga gjennom betre og friare plandialogar, der det ikkje berre handlar om å bli *høyr*t men også *forstå*t. Kanskje like viktig er det å *høyre* og *forstå* kva dei andre seier. Det er såleis mange føresetnader som skal vere på plass for å sikre gode medverkandsprosessar og at det beste alternativet vinn fram;

- Alle aktørane er frie og likestilte og potensielt like kompetente
- Alle aktørane må vere interessert i å kome fram til felles forståing og semje
- Alle må opptre autentisk og sannferdig overfor kvarandre
- Alle må vere opne for å innrømme feil og skifte oppfatning dersom dei blir møtt med eit betre argument
- Språket må vere tydeleg, klart og gjennomsiktig slik at alle til ei kvar tid veit kva det blir snakka om.

Presisering av problemstilling

I denne oppgåva vil eg studere tettstadutviklinga på Ytre-Tysse med fokus først og fremst på sosiale forhold. Hovudvekt vil eg, som tidlegare nemnt, legge på dei tre sosiokulturelle analysedimensjonane, *bilde av staden*, *bruk av staden* og *stadinteresser*.

Søyland (1999) hevdar at meining blir knytt til meir enn mytar rundt ein stad og at det handlar like mykje om korleis menneska brukar staden. Oppfatningar vi dannar oss av

staden avheng med andre ord om korleis vi faktisk brukar staden i kvardagen, kor vi går og handlar og kor vi eventuelt ikkje går. Med dette som bakgrunn har eg formulert følgjande hovudproblemstilling og delspørsmål:

På kva måte innverkar prosessen rundt tettstadsutviklinga på Ytre-Tysse folk sin bruk og opplevingar av staden?

1. Kven brukar Ytre-Tysse og til kva formål?
2. Kva bilete finns av Ytre-Tysse?
3. Kven sitt Ytre-Tysse er lagt til grunn for tettstadprogrammet?

Samnanger kommune er ein liten kommune og endringar, det vere seg innanfor kommunikasjon, lokalisering, skulestruktur o.l., vil difor få konsekvensar for heile kommunen. I denne oppgåva har eg valt å fokusere på det som skjer på Ytre-Tysse og det arbeidet som er knytt til tettstadutviklinga der. Ein kan likevel ikkje studere Ytre-Tysse utan å trekkje inn den utviklinga som skjer på Bjørkheim. Politkarane har sagt at dei ønskjer å utvikle begge stadane, men det er uklart kva veg dei vil utviklinga skal gå.

Kven brukar Ytre-Tysse og til kva formål?

Kommunen har satt i gang ei rekkje prosjekt som skal medverke til vekst og utvikling i Samnanger. Blant anna det før omtalte livOGLyst-prosjektet som omfattar både utvikling av nasjonalt småkraftsenter og tettstadutvikling på Ytre-Tysse.

Kommunen har valt å satse på både Ytre-Tysse og Bjørkheim som serviceområde. Samstundes har utsetjing av tunnel bak Ytre-Tysse gjort at utviklinga på Tysse dei siste åra har stagnert i høve til Bjørkheim. Aktuelle spørsmål rundt bruk av staden:

Kva føregår av ulike verksemder?

Kva konkrete formål blir Ytre-Tysse og området rundt brukt til i dag?

Kven brukar dei ulike områda mest?

Kva bilete finns på Ytre-Tysse?

Samnanger kommune ønskjer å skape eit bilete av seg sjølv som ein kommune ”der du vil leva og bu”. Kommunen ønskjer å yte tenester og gi tilgang på opplevingar som gjer at Samnanger er meir enn ein sovekommune til Bergen. Samnanger vil likevel aldri kunne tilby innbyggjarane eit pulserande uteliv og stort utval i kafear. På Ytre-Tysse er det ingen uterestaurantar eller gågater der innbyggjarane kan promenere på søndagane. Klimaet gjer at det sosiale livet stort sett føregår innandørs og gjerne i ei organisert form. Kommunen har då også eit svært rikt kultur- og organisasjonsliv.

Kva slags førestillingar eller bilete finns av Ytre-Tysse sine positive særtrekk, kjenneteikn og kvalitetar?

Korleis ein tolkar og oppfattar staden sitt særpreg, inngår i utforminga av det vi kallar staden sin identitet. Men identitet er ikkje berre knytt mot det ein kan fastslå eller få inntrykk av med det blotte auge. Det er like mykje det ein ikkje kan sjå, som for eksempel sosiale relasjonar, erfaringar som er relatert til staden og sosial integrasjon.

Innbyggjarane i Samnanger skapar bilete av Ytre-Tysse som er med på å artikulere identitet til staden. Kva bilete som ser ut til å dominere, kva som blir halde utanfor og kva oppfatningar som eksisterer om staden sitt utviklingspotensial, er viktige bidrag inn i ein stadutviklingsprosess. Nokre sentrale spørsmål er:

Kva positive kvalitetar meiner ulike aktørar bør bevarast eller utviklast vidare?

Kva slags negative element eller manglar finns i ”forteljinga om Ytre-Tysse”?

Kva oppfatningar eksisterer om moglegheiter og potensial?

Kva tydingar og meiningar knyter ungdommen til staden?

I denne oppgåva ønskjer eg å undersøkje kva bilete som teiknar seg gjennom ulike aktørar si definering av positive og negative særtrekk, samt potensial på Ytre-Tysse.

Kven sitt Ytre-Tysse er lagt til grunn for tettstadutviklinga?

Som alle andre stader der ein ønskjer å få ting til, er ein avhengig av eldsjeler. I Samnanger finns slike både i administrasjonen, blant politikarar og bygdefolk. Når ein les

lokalavisa og elles følgjer med i det som skjer i kommunen, er det likevel berre nokre få personar som merkar seg ut ved å vere involvert i mange av prosjekta. Det kan derfor vere interessant å spørje:

I kva grad er tettstadprosjektet på Ytre-Tysse forankra blant ”folk flest” i kommunen og kven er invitert inn i prosjektutforminga?

For å kunne svare på eit slikt spørsmål må ein stille ei rekke andre spørsmål av typen:

Kva interesser eksisterer og er det konfliktar eller motsetningar mellom dei ulike interessene?

Oppgåva tar ikkje mål av seg til å kome med fasit på korleis Samnanger kommune skal løyse utfordringane rundt arbeidet med utvikling av kommunen. Eg kan sjølvsagt heller ikkje presentere noko endelege svar på hovudproblemstillinga, men håpar likevel at oppgåva kan kaste lys over nokre tema og problemstillingar som det er verdt å ta med seg i det vidare arbeidet. Utfordringane ein står overfor i Samnanger, er lik i mange andre kommunar. Ein ønskjer at kommunen skal bli ein god stad å bu i for alle og at alle skal få vere med å påverke det som skjer. Reell medverknad viser seg ofte å vere vanskelegare enn ein skulle tru. Det er både tidkrevjande og kanskje umogeleg å finna løysingar som alle kan einast om. Ved å sjå på korleis medverknaden har vore rundt tettstadprogrammet, håpar eg å kunne gi nokre tips og idear om kva som kan fungere i slike prosessar og kva som kanskje burde vore gjort annleis.

Oppsummering og refleksjon

I dette kapitlet har eg introdusert det faglege perspektivet for oppgåva og dei mest sentrale omgrepa. Eg har konsentrert meg om teorien og tankane bak sosiokulturelle stadanalyser der Habermas sin teori om å legge vekt på konsensus og samhandling er sentral. Sjølv om idealet er aktørar som alle ønskjer å bli samde, er røynda likevel at det ofte er vanskeleg å få til i praksis. Kritikarane til Habermas kan ha mykje rett i at det er naivt å tru at alle deltakarane i ein stadutviklingsprosess lik den på Ytre-Tysse, vil opptre sannferdig og vere interessert i å kome fram til felles forståing, Likevel er det gode

grunnar for å arbeide etter prinsippa for samanbeidande planlegging. For det første ut i frå ei erkjenning om at samfunnet er fragmentert og at kommunen ikkje åleine har kontroll over investeringar og styring av området sitt (Ronny Kristiansen 2006). Dette kjem også tydeleg fram når det gjeld diskusjonar kring arealbruk på Ytre-Tysse. For det andre handlar det om at offentlege byråkrater og planleggarar ofte ikkje har tilstrekkeleg kunnskal om lokale tilhøve. Den kanskje viktigaste grunnen til å trekkje ulike aktørar inn i planleggingsarbeidet er likevel den demokratiske argumentet om at samfunnets aktørar må få delta i planlegging fordi dei skal ha påverknad på utviklinga av samfunnet dei lever i og på saker som har betydning for dei.

4 Metode

Metodelæren hjelper oss å treffe hensiktsmessige valg. Den gir oversikt over alternative fremgangsmåter og konsekvenser av å velge de enkelte alternativene. Hellevik (2002:17)

Metode, av det greske ordet *methodos*, betyr å følge ein bestemt veg mot eit mål. I samfunnsvitskapen dreiar det seg om å bruke metodar som gjer at vi kan hente inn informasjon om verda. Metodane brukar vi også når vi skal analysere kva denne informasjonen fortel. På den måten kan vi få ny innsikt i samfunnsmessige tilhøve og prosessar. Det dreier seg altså om å samle inn, analysere og tolke data, der data er meir eller mindre vellykka representasjonar av røynda. Sjølv dei mest nøyaktige observasjonar og etterlikningar kan aldri fange inn den autentiske røynda, men berre eit utsnitt av det som blir studert (Johannessen m.fl 2007). I dette kapitlet vil eg gjere greie for dei metodiske reiskapane eg gjer meg nytte av for å finne svar på dei ulike problemstillingane.

Ei sosiokulturell tilnærming

For å generere kunnskap om sosiale og kulturelle tilhøve, og skildra ulike diskursar om staden og stadens utvikling, er sosiokulturelle stadanalysar eit godt verktøy. Dette er ei metodisk tilnærming som høver godt når ein er oppteken av å forklare ulike personar sitt forhold til stadens sosiale og fysiske rom, kva mening ein legg til desse omgivnadane og kva tyding det får for dei sosiale praksisane som tek form på staden. Sosiokulturelle stadanalysar dreiar seg om dei sosiale og kulturelle prosessane som formar staden og opplevingar av staden. Analysen avdekkar korleis ulike aktørgrupper brukar og opplever staden, kva interesser dei har og korleis dette påverkar oppfatningane deira om kva som er ein god stad og ei god utvikling av staden (Røe 2002). Ei slik diskursiv tilnærming til stad har vore nytta i mange stadutviklingsprosjekt med eit samfunnsvitskapleg eller konstruktivistisk perspektiv. I eit slikt perspektiv ser ein på ein stad, som folk har eit tilhøve til, som sosialt konstruert og produsert. Folk flest har i liten grad eit bevisst forhold til at dei er med på å konstruere og produsere sitt sosiale og materielle univers. Den sosialt konstruerte røynda er for dei fleste den naturlege, sanne og objektive røynda.

Slik er verda. Den tradisjonelle stadanalysen føreset at det er nokre fysiske kvalitetar ved staden som gir ein identitet og at ein kan finne fram til denne essensen gjennom grundige undersøkingar. Nyare samfunnsforskning ser på folks oppfatning av staden som sosialt konstruert, og ikkje som noko som kan lesast eintydig av i landskapet. Sosiokulturelle stadanalysar byggjer på ei forståing som tek avstand frå at staden kan skildrast eintydig ut i frå landskaps- og bygningsstruktur. Analysen legg vekt på at det finns fleire ulike måtar å forstå ein stad på og at ein stad, og identiteten til staden, ofte vil vere prega av verdi- og interessekonfliktar. Desse ulike måtane å tilnærma seg ein stad på, er konkretisert i tabellen under.

Tradisjonell stadanalyse	Sosiokulturell stadanalyse
Ein stad blir forstått med utgangspunkt i det fysiske og materielle rom	Ein stad blir forstått med utgangspunkt i menneskelege aktørar, sosial meining, sosiale funksjonar og sosiale rom
Hovudsakleg ekspertbasert kunnskap	Kunnskap blir henta frå ulike sosiale ståstader
Fysiske forhold	Sosiale, kunnskapsmessige og kulturelle forhold
Normative premissar: Normer og verdier er i stor grad bestemt a priori	Relativistiske premissar: Normer og verdier er noko som må undersøkjast konkret
Systemperspektiv: Erfaringar med og bruk av rommet forstått ut frå ein samfunnsmessig orden	Subjektivt perspektiv: Sosial meining om og bruk av fysisk rom blir forstått ut frå aktørane sine livsforhold og livssituasjon
Deltaking, medverknad og makt blir eit spørsmål om prosedyre	Deltaking, medverknad og makt blir emne for undersøking
Empiri blir generert ved deduktiv metodologi	Empiri blir generert ved eksploderande metodologi
Essensialistisk tenking og forståing	Konstruktivistisk tenking og forståing

Figur 5: Ulikskapar mellom eit tradisjonelt stadanalysekonsept og eit konstruktivistisk konsept ((NIBR-rapport 2002:14)

Denne oppgåva byggjer på tettstadprogrammet for Ytre-Tysse og på dei diskursane som eksisterer rundt dette arbeidet. Ein viktig poeng blir derfor å kartlegge dei ulike diskursane som finns på staden. Diskursanalysar inkluderer alltid spørsmål om makt. Dette fordi det ofte finn stad forhandlingar eller kollisjonar mellom dei ulike diskursane. Sosiokulturell stadanalyse kan hjelpe til med å avdekke ulike maktuttrykk og synleggjøre grupper som blir ekskludert og marginalisert. På Ytre-Tysse kjem dette klart fram når ein

diskuterar fornying kontra bevaring. Skal ein fornye staden med småruta vinduer og blondgardiner, eller skal det litt rufsete industripreget bevarast? Og kven er det som til slutt avgjer?

Kvantitativ og kvalitativ metode

I samfunnsvitskaplege fag opererer ein med eit skilje mellom kvantitative og kvalitative metodar for innhenting av data. I *kvantitative* undersøkingar samlar forskaren inn opplysningar frå mange kjelder som kan samanliknast. Desse opplysningane blir framstilt i form av tal ved hjelp av ulike typar dataprogramvare, og forskaren kan gjennomføre statistiske analysar som seier noko om mønsteret i tala. Spørjeskjema, strukturerte intervju og observasjon er eksemplar på ulike kvantitative undersøkingar. Slike undersøkingar høver godt når ein vil ha fram informasjon som gir oversikt over utbreiing og omfang av ulike sosiale tilhøve, og gir god breddeinformasjon om det aktuelle temaet. I mitt arbeid er det viktigare å vite *kvifor og korleis?* folk brukar Ytre-Tysse, og eventuelt kvifor dei *ikkje* brukar staden, enn kor mange som er på Ytre-Tysse eit gitt tidspunkt eller vekedag. Sjølv om ein kan få ta i mykje informasjon gjennom eit utfyllande spørjeskjema, er det vanskeleg å få tak i dei meiningane som ligg bak.

I *kvalitative* undersøkingar samlar forskaren inn ei rekkje opplysningar frå få kjelder. Føremålet er å skaffe heilskapleg informasjon om fleire sider ved eit tema. Metoden blir derfor brukt innanfor meir utforskande forskingsarbeid der ein ønskjer å få eit bredt innblikk i problemområdet. Metoden passar godt, når ein som i mitt arbeid, ønskjer å fange opp og tolke informantane sine oppfatningar og motiv. Skal ein lukkast med dette er det viktig at forskaren alltid er open for å justere spørsmåla sine. Ved å bruke opne spørsmål kan resultata bli at ein får svar på meir enn det ein spurde om og som igjen fører til nye spørsmål. Resultata frå kvalitative undersøkingar kan skildrast som tilstandsbilete og forståingsmodellar som har overføringsverdi til andre områder, og som på den måten yter bidrag til eit utvida kunnskapsgrunnlag (Andenæs 2000). Denne måten å jobbe på fører ein over i hermeneutikken. Det er i utgangspunktet ein tolkingsprosess som vektlegg at for å forstå noko som har ei meining, må vi alltid fortolke dei ulike delane ut frå den forståinga av heilskapen vi har på førehand. Ny forståing av dei ulike delane

virkar tilbake på heilskapen og dermed oppstår det ei stadig utvikling av forståing. I ei sosiokulturell tilnærming er denne vekslinga mellom ny kunnskap, tolking og forståing svært viktig og noko eg har prøvd å legge vekt på i arbeidet mitt.

Forske på fenomen i eigen kultur

Å forske på fenomen i eigen kultur kan vere ei utfordring, då det kan vere vanskeleg å ha den analytiske distansen som er nødvendig for å gjere eit vitenskapleg arbeid (Paulgaard 1997). Forskaren sine egne meiningar og forståing av det sosiale rommet kan representere ei feilkjelde som sperrar for tilgangen til andre aktørar si forståing. Erfaringar viser likevel at fordelane ved å ha førehandskunnskap kan vere fleire enn ulempene ved ikkje å ha slik kunnskap. I studier der menneske relaterer seg til kvarandre, vil forskaren uansett ikkje opptre som ein nøytral aktør. Forskaren vil alltid tolke og forstå ny kunnskap ut i frå si forståing (Fossåskaret 2007). Ein stad er ikkje eit absolutt som forskaren kan oppdage og hente inn i ein tekst. Korleis ein skal forstå ulike sosiale fenomen vil derfor alltid ha fleire moglege svar og forskaren si oppgåve er å belyse så mange svar som moglege. Det å vere fortruleg med lokale kodar og kategoriar, blir i enkelte samanhengar sett på som ein føresetnad for å lukkast.

Som nemnt innleiingsvis har eg god kjennskap til mykje av det som skjer i Samnanger kommune, men i liten grad inngåande kunnskap. Sidan eg sjølv ikkje bur i kommunen er det som skjer, og skal skje på Ytre-Tysse, heller ikkje noko som vedkjem meg personleg. Det gjer at eg kan sjå det heile litt utanfrå. Samstundes ønskjer eg å kunne møte familie og vener med "heva blikk". Fossåskaret (2007) seier at forskarens livshistorie både stengjer og opnar; gir tilgang til nokre former for innsikt og utelukkar andre. Før eg bestemte meg for å skrive oppgåve om Ytre-Tysse, vurderte eg om mi tilknytning og kjennskap til kommunen, kunne gjere det vanskeleg å ha den nødvendige distansen. Ved å vere bevisst og klar på dei fordelane og ulempene det er å forske på eigen kultur, meiner eg det er moglege å gjennomføre eit slikt prosjekt som masteroppgåva mi er. I møte med informantane har eg gjort til kjenne mi tilknytning til staden og har ikkje opplevd at det har skapt vanskar i intervjusituasjonen. Tvert imot har det vore ein styrke å kjenne litt til bakgrunn og forhistorie. På den måten har eg kunne setje den informasjon

eg har fått inn i ein breiare kontekst enn eg elles ville gjort. Det å kjenne kvardagsspråket og å vite kva som er dei store samtaleemna er viktig for å forstå engasjement, eller mangel på engasjement, rundt det som skjer på Ytre-Tysse.

Sjølv om eg ikkje har vore direkte involvert i dei prosjekta Husbanken har hatt kring stadutvikling, har arbeidet mitt der likevel har innverknad på denne oppgåva. Det å vere del av eit miljø som i stor grad jobbar mot kommunar, gjer at eg på førehand var godt kjent med utfordringar kommunar har når det gjeld å skapa gode levedyktige lokalsamfunn. I byrjinga var eg uroa for at tilknyttinga mi til Husbanken kunne oppfattast som om prosjektet mitt er eit offentleg husbankprosjekt. Eg har derfor vore oppteken av å fortelja at denne oppgåva først og fremst er mitt private, men at eg sjølv sagt håpar Husbanken kan nyttiggjere seg den kunnskapen som eg får gjennom dette arbeidet.

Roller og statussett

For å kunne gjennomføre ei sosiokulturell analyse, er det ein føresetnad at forskaren klarar å etablere god relasjon til informantane, og at han i tillegg har eit reflektert forhold til si eiga rolleutforming. Som forskar vil ein alltid kunne opplevast som noko meir enn berre forskar. Dette gjeld særleg der ein forskar i eigen kultur. I mitt tilfelle har det derfor vore viktig å vere tydeleg på at det ikkje er som svigerdatter eller husbanktilsett eg er oppteken av Ytre-Tysse, men fordi det som skjer der interesserar meg ut i frå ein fagleg synsvinkel.

Nokon vil møte forskaren som ven og andre ikkje. Nokre vil vere opne og nysgjerrige, mens andre vil vere skeptiske og fordomsfulle. Som vist tidlegare vil det vere situasjonar kor det er fordelar ved det å forske i eigen kultur. I andre tilfelle kan slik lokal kunnskap føre til avgrensingar. Mykje avheng av om ein lukkast å finne statusar å gå inn i. Dernest at forskaren og folka som blir studerte har like forventningar til den rolla og statusen forskaren blir plassert i, og om den statusen gjer det mogeleg å utføre det forskaren har som føremål.

Då eg starta dette arbeidet var det i stor grad administrasjonen si stemme og bilete av Ytre-Tysse eg kjende. Etter kvart som arbeidet har skride fram, har spørsmålet *kven sitt*

Ytre-Tysse er lagt til grunn for tettstadprogrammet? blitt stadig meir sentralt. Sjølv om eg nok både trudde og rekna med at det fanst andre meiningar og bilete enn dei ”offisielle”, så har det vore utfordrande å få synleggjort desse på ein skikkeleg måte. Først og fremst fordi eg ikkje ønskjer å ”henge ut” dei som står bak tettstadprogrammet. Slik eg ser det har dei berre hatt gode intensjonar med arbeidet og ønskjer verkeleg at Ytre-Tysse skal gjenreisast til ein levande og attraktiv stad. For at denne oppgåva skal bli meir enn ein presentasjon av det som er gjort i Samnanger, er det likevel nødvendig å sjå på prosessen med eit kritisk blikk. Ikkje nødvendigvis for å kritisere det som er gjort, eller dei som har gjort det, men for å medverke til meir kunnskap om slike prosessar.

Enkelte informantar har ved første kontakt uttrykt skepsis til mi rolle. ”Er du utsendt frå kommunehuset?” er spørsmål eg har fått. For eksempel var det på den tida eg gjennomførte dei fleste intervju, fremja sak til kommunestyret om å leggja ned ungdomsskulen på Tysse og flytta den til Nordbygda. Dette var det stor motstand mot frå leiinga på skulen og eg måtte derfor forsikra dei om at det eg jobba med ikkje hadde noko med flyttediskusjonen å gjera.

For å unngå mistenkjeleggjering har eg vore open om kvifor eg tykkjer det som skjer på Ytre-Tysse er interessant, kven eg ønskjer å intervju og litt om kva eg har funne. Eg har også lagt vekt på å forklare kvifor eg ønskjer å få høyra dei ulike informantane sine historier og korleis namnet deira dukka opp. Ytre-Tysse er ein liten stad der alle kjenner alle. Dermed veit dei også godt kva dei andre står for. Når eg har forklart kva eg ønskjer å fokusere på, har eg opplevd at alle informantane har sett at dei har ein plass i forteljinga og at deira versjon er viktig for å få eit samla bilete.

Produksjon av data

Datamaterialet vil basere seg på kvalitative intervju med personar som bur i Samnanger, innspel frå facebook-medlemmer, observasjon i ulike møter der tettstadsutvikling på Ytre-Tysse er tema, lokalavisa og relevant informasjon henta frå offentlige nettstader, dokumenter og rapporter. Ei sosiokulturell analyse kan omfatte både breie kartleggingar med mange typar aktørar, og meir omfattande studier med få aktørar. Enten ein brukar

den eine eller den andre tilnærminga, er det viktig å få fram dei ulike diskursane eller oppfatningane av staden. Problemstillingane i oppgåva er av ein slik karakter at det føreset datainnsamling som tillèt meg å ta del i informantane sine refleksjonar. Eg har valt å bruke intervju som den viktigaste forskingsmetoden. Ein slik forskingsmetode vektlegg at ein gjennom samtalar får andre sine "...muntlige opplysninger, fortellinger og forståelse rundt ett gitt tema" (Widerberg 2001:16). Et kvalitativt forskingsintervju er ein samtale med ein struktur og eit formål (Kvale 1997). Intervjuet kan vere meir eller mindre strukturert, det vil seie tilrettelagt på førehand. Vanlegvis deler ein spørsmåla i tre hovudtypar:

1. *Ustrukturerte* intervju er uformelle med opne spørsmål der ein på førehand har eit gitt tema, mens spørsmåla er tilpassa den enkelte intervjusituasjonen.
2. I *strukturerte* intervju er både tema og spørsmål formulert og fastlagt på førehand.
3. *Semistrukturerte* intervju har ein overordna intervjuguide som utgangspunkt, mens spørsmål, tema og rekkefølge kan varierast.

Eg har valt å bruke den siste typen som utgangspunkt for intervjua. Intervjuguiden ligg som vedlegg bak i oppgåva. Sjølv med ein intervjuguide har intervjua i stor grad bore preg av å vere ustrukturerte. Informantane har alle vore lett å få i tale. Dei er engasjerte i det som skjer på Ytre-Tysse og har fått fortelja sin historie utan for mange avbrot frå mi side. Det einaste unntaket var gruppeintervjuet med ungdomsskuleelevane. Eg var førebudd på at det der var det trong for eit meir strukturert opplegg og eg hadde derfor valt ut nokre konkrete spørsmål på førehand som eg ønskte svar på. Eg spurde blant anna kva som er det beste ved å bu i Samnanger og kva dei sakna. Tilgangen til alpinanlegget i Eikedalen om vinteren og sjøen om sommaren som blei trekt fram som noko av det beste med å bu i kommunen. Få ungdommar og få fritidstilbod var mellom dei negative sidene som kom fram. På spørsmålet om det var nokon som trudde at dei som vaksne ville busetja seg i kommunen, var det, riktignok etter litt nøling, fleire som forsiktig retta opp handa.

Gjennomføring av datainnsamling

Mi første formelle kontakt med involverte partar på Ytre-Tysse var eit møte hausten 2007. Eg blei då, som representant frå Husbanken, invitert til eit stadutviklingsmøte ilag med Fylkeskommunen, kommunen og sentrale private aktørar. Sidan dette var tidleg i studiet mitt, var det lite som var på plass frå mi side. Møtet var likevel positivt på den måten at eg fekk eit godt innblikk i mykje av det som skjedde i kommunen på den tida, og fekk møte fleire av dei aktørane som seinare blei mine informantar.

I datainnsamlinga har eg valt ein innanfrå og utover-strategi. Det har eg gjort ved først å intervju nokre av dei som sit tettast på arbeidet rundt tettstadprogrammet og deretter dei som medverkar til det som skjer og dei som i størst grad blir påverka av endringane. For å få det nødvendige overblikket over tettstadprogrammet og prosessen rundt, valde eg å byrja med eit intervju av ordføraren. Ho har gjennom fleire år vore ein sterk pådrivar for programmet på Ytre-Tysse og har historikken og saksgangen ferskt i minne. Ordføraren kopla også inn lokalavisa Samningen som laga eit intervju. Som i dei fleste andre småsamfunn, er lokalavisa mykje lest og intervjuet blei dermed ein fin introduksjon til temaet og ein god dørøpnar når eg seinare ringde for å avtale intervju. Informantane representerer ulike aktørgrupper som næringsdrivande og politikarar og administrasjonen i kommunen. I samband med avisintervjuet etablerte eg ei facebookgruppe under namnet Ytre-Tysse. Gruppa har 54 medlemmer og sjølv om dei fleste er passive, er det nokre som har gitt gode innspel på problemstillingar og utfordringar eg har lagt ut. Saman med ungdomane representerer desse medlemmene ulike grupper som ikkje alltid gir offentleg uttrykk for sine interesser, men som det i samanheng med stadutvikling er interessant å få i tale.

Miljøet i Samnager er lite og det var derfor relativt enkelt å finne fram til informantane. Med få unntak hadde alle lest avisa og var meir eller mindre førebudd på at eg ville ta kontakt. Ein representant frå eigarane av fabrikkjen er sentral. Heile den vesle tettstaden er bygd opp rundt fabrikkjen og som eigarar av fleire bygningar på Ytre-Tysse, er familien ei svært viktig brikke i utviklinga framover. Utanom fabrikkjen er det 2 næringsdrivande på Ytre-Tysse. Den eine driv ein matbutikk og den andre ein byggevarehandel. For begge vil omlegging av vegen kunne føre til nedgang i omsetnad

og såleis få uheldige konsekvensar. Særleg eigaren av byggevarehandelen har markert seg som skeptisk til tettstadprogrammet og for meg var det såleis viktig å få hennar bilete av staden og hennar versjon av prosessen rundt arbeidet. Som representant for velforeininga valgte eg ei av dei fremste eldsjelene som i årevis har vore engasjert i det som skjer på Tysse. Ho er også aktiv i historielaget og det nyleg starta kunstlaget, og har levd store delar av livet sitt på Tysse. Ein annan aktør, som har god kjennskap til tettstadprogrammet, er prosjektleiaren for ProSam AS. I tillegg er ho frå Nordbygda og ved å intervjuja henne fekk eg også innblikk i korleis dei i den delen av kommunen ser på Tysse og utviklinga der.

Eg valte å gjennomføre intervjuet med ungdommane som gruppeintervju der begge tiendeklassane var samla i ein skuletime. I ettertid ser eg at for å få maksimalt utbytte av skuletimen, burde eg ha vore innom nokre dagar på førehand og førebudd dei på kva eg ønskte å snakke med dei om. Sjølv om mange deltok aktivt i samtalen, sat eg igjen med ein kjensle av at ikkje alle torde seie kva dei meinte. Dette kom særleg godt fram då eg spurde kor mange som trudde dei ville busetje seg i Samanger som vaksen. Sjølv om det kom opp nokre forsiktige hender etter kvart, var det tydeleg at det ikkje var ”in” å ha slike tankar.

Forskingsintervjua blei gjennomførte i desember 2009 og januar 2010. Av omsyn til informantane har eg valt å ikkje bruke namna deira. Dei små tilhøva på staden gjer at dei likevel ikkje vil vere anonyme. Når eg skriv at informanten til dømes er næringsdrivande på Ytre-Tysse, vil dei som kjenner tilhøva på staden sjølvsagt vite kven dei er. Det er derfor viktig at informantane kjenner seg igjen i det som blir skriva og at dei føler deg heime i framstillinga. I tillegg til dei ”offisielle” informantane som er nevnt i tabellen på neste side, så har jeg hatt fleire uformelle samtalar med tilsette i kommunen, folk som har budd på Ytre-Tysse og andre som har vore interessert i arbeidet mitt. Desse samtalan har vore viktige for å få eit godt bakteppe og tilstrekkeleg innsikt i ulike problemstillingar som informantane har tatt opp.

Nr	Namn	Kjøn	Alder	Yrke/rolle
1	Ordførar	K	63	Samnanger kommune
2	Eva	K	46	Prosjektleiar ProSam
3	Anne	K	66	Velforeining

4	Knut	M	64	Fabrikkengar
5	Ole	M	65	Næringsdrivande
6	Kari	K	58	Næringsdrivande
7	Elevar	K/M	15	Skuleelevar

Tabell 6: Presentasjon av informantar

For at informantane skulle få førebu seg, sende eg det eg hadde av skrifteleg materiale på det tidspunktet og ein intervjuguide. Alle intervju, med unntak av timen på ungdomsskulen, har eg gjennomført med kun informanten og meg til stades. Informantane har valt stad for intervju.

Oppsummering og refleksjon

I dette kapittelet har eg prøvd å få fram korleis eg har samla inn materiale til denne oppgåva og kva valg eg har gjort i høve til bruk av metodar. Det som i stor grad har styrt dette arbeidet, er det overordna valet om å bruke ei sosiokulturell tilnærming. På dette området er det etterkvart gjort fleire gode analysar og NIBR sin rettleiar har vore til stor hjelp.

Då eg valte Ytre-Tysse som case for oppgåveskrivinga, var kort avstand heimanfrå eit viktig kriterium. Dette fordi eg ønskte å vere fleksibel med tanke på datainnsamling og ikkje avhengig av å måtte reise bort over lenger tid for å drive feltarbeid. Minuset med ei slik ordning, er at datainnsamlinga tok lang tid og eg ”datt litt ut” mellom kvar runde. Innspel på Facebook har vore gode å få når motivasjonen har vore låg. Dei har vore med på å få meg på sporet igjen og gjort at datamaterielt er blitt utvida med gode innspel frå folk som bryr seg, men som ikkje er i den innarste krinsen av informantar. Dette gjer at eg meiner eg har nok data til å få ei truverdig framstilling.

5 Analyse

Når dataene er samlet inn må de analyseres og tolkes – uansett hvilke data som anvendes er tolking en sentral del av samfunnsvitenskaplige undersøkelser (A. Johannessen m.fl 2007)

Dette kapittelet inneheld analyse av dei historiene eg har fått fortalt om Ytre-Tysse. Analyse er ikkje ei skildring, men ei fortolking og her vil det sjølvsagt vere mine vurderingar og tolkingar som er lagt til grunn. I følgje Aase og Fossåskaret (2007) har tolking av samfunnsvitskaplege data to grunnleggande metodiske utfordringar. For det første må forskaren innhente røynda gjennom informantane sine, og for det andre er den røynda som forskaren skal tolke, igjen informanten si tolking av hendingar og fenomen. Det betyr at det forskaren må tolke andre sine huskedata og bruk av symbol i arbeidet med å framskaffe eit sannferdig bilete av røynda.

Analysearbeidet i denne oppgåva er bygd opp rundt dei ulike diskursane som eg har fått kjennskap til gjennom intervju med nokre sentrale aktørar rundt tettstadprogrammet på Ytre-Tysse, gjennom uformelle samtalar med samningar på Facebook og i andre samanhengar og gjennom artiklar og innlegg i lokalavisa. Det er samstundes viktig å ha i mente at dei informantane og andre informasjonskjelder eg har nytta meg av i denne oppgåva, ikkje representerar *alle* menningar og diskursar som eksisterer på Ytre-Tysse. Det vil heilt sikkert vere personar som meiner at eg har oversett noko viktig eller at eg heller burde tatt tak i andre tema og problemstillingar

Eg har valt å ha eit sosiokulturelt perspektiv på arbeidet mitt. Eit slikt perspektiv legg stor vekt på innhaldet i dei sosiale rammene rundt handlingane våre. I eit sosiokulturelt perspektiv må handlingar og kunnskap relaterer seg til samanhengar og verksemder. Det er ofte ikkje nok å registrere at noko skjer, ein må også forstå *kvifor* det skjer. Eit eksempel kan vere dei store diskusjonane ein har enkelte stader rundt endringar i skulestruktur. Nye skular og samanslåing av skular har mange stader ført til konflikhtar som for utanforståande kan virke uforståelege. For dei som kjenner tilhøva, vil situasjonen vere heilt annleis. Ei tradisjonell stadanalyse vil ikkje omhandle slike sosiale tilhøve og vil derfor ”miste”, eller ”gå glipp av”, sosiale erfaringar og relasjonar som i stor grad kan vere med på å forme ein stad. Dei seinare åra har det vakse fram ei større forståing for at ein i arbeidet med å utvikla lokalsamfunn og tettstader, treng ei

sosiokulturell tilnærming i tillegg til den tradisjonelle. Arbeidet med stadutvikling i Eidfjord er eit godt døme på ei slik tilnærming. Der har NIBR gjennomført ei sosiokulturell stadanalyse parallelt med at Asplan Viak har laga arkitekt- og planfaglege analyse (NIBR-rapport 2009:22).

Når ein gjennomfører ei sosiokulturell stadanalyse, fungerer datainnsamlinga vanlegvis som ein sosial medverknadsprosess der dei ulike aktørane får kome fram med sine meiningar og forslag. Deretter blir materialet omarbeida slik at det som til slutt blir ståande, er det ein i stor grad er blitt enige om å gå vidare med. Eg har prøvd å sjå på ein prosess som i stor grad er ferdig, ved hjelp av *prinsippa* rundt sosiokulturell stadanalyse. Arbeidet med tettstadprogrammet på Ytre-Tysse starta opp lenge før sosiokulturelle stadanalysar var eit kjent analysereiskap. Dei som har vore med i prosessen kan kanskje derfor føle at det er både urettferdig og utidig at eg studerer prosessen utifrå eit anna perspektiv enn det som var utgangspunktet. Det kan bli som om du stiller med kake i ein konkurranse og etterpå får vite at vinnarkriteriet ikkje er den ferdige kaka, men korleis du jobba undervegs. Om informantane mine har følt det på den måten, så har dei vore flinke til å skjula det. Gjennom heile arbeidet har eg opplevd at dei har vore nysgjerrige og opne for at ting kunne vore gjort annleis. I analysearbeidet vil eg fokusere på dei tre sosiokulturelle analysedimensjonane som blei presenterte i kapittel 3;

- **Bruk av staden**
- **Bilete av staden**
- **Stadinteresser**

Ytre-Tysse – kven brukar staden og til kva?



Figur 7: Flyfoto over Ytre-Tysse (www.samnanger.kommune.no). Biletet viser fabrikkken heilt til venstre, omsorgsbustadane og Sparbutikken (ved kaien), Vetlabue og Langabue, BakkaffjØra (framfor raud naustrekke) og H Hadeland (raudt hus bak naustrekka), Langåsbakken (grønt område midt i biletet)

Eit sentralt spørsmål i stadanalysar, og særleg i ei sosiokulturell analyse, er kva funksjonar og behov skal staden dekke og for kven? Vanlegvis er det sentrumsområdet i ein kommune som er utgangspunkt for ei slik analyse og bakgrunnen er ofte enten fråflytting og stagnasjon eller sterk tilvekst og trong for samordna planlegging og utvikling. Situasjonen på Ytre-Tysse er på mange måtar i ei særstilling. Frå å vere kommunesenter med alle nødvendige funksjonar og tenester, står staden no framfor eit viktig skilje. Skal den gamle tettstaden transformerast til noko nytt, og i tilfelle til kva? ”Alle” ser på Bjørkheim som det naturlege sentrum i kommunen og der det er naturleg å satse, både når det gjeld næringsutvikling og plassering av nye funksjonar som fleirbrukshall og eventuelt lokalisering av nytt kommunehus. Så kva funksjon skal då kommunesenteret Tysse ha?

Eit hovudmål for arbeidet med tettstadprogrammet på Ytre-Tysse har vore å hindre fråflytting, betre vilkåra for næringsdrivande og auke den estetiske kvaliteten i det

offentlege rom. Samstundes er målet å ta vare på det som er særskilt for staden. På den måten ønskjer kommunen å skape eit attraktivt bumiljø som igjen fører til ”folk i husan” og ”liv og røre” i gata. Når riksvegen gjennom Ytre-Tysse blir lagt i tunnel, vil situasjonen endre seg for den vesle tettstaden. Mange av informantane er opptekne av tunnelen og korleis det blir på Ytre-Tysse når den kjem. Ein av medlemmene på facebookgruppa seier: ”Eg trur at Ytre-Tysse vil bli ei perle når trafikken forsvinn”. Frå kommunen si side er det eit viktig satsningsområde å få fleire fastbuande på staden og reguleringsplanen legg også opp til auka bustadbygging. Ein av informantane etterlyser ei større satsing på bustadbygging og meiner reguleringsplanen burde dekke eit større område. Ei fortetting i Tyssegata, vil neppe gi grunnlag nok til at det igjen blir folksamt i Tyssegata. Informanten refererer også til at nokre hus berre blir brukt til feriebustader i dag. Dette gir kommunen ei utfordring i høve til spørsmålet om nullkonsesjon.

Ein viktig del av ei sosiokulturell stadanalyse er å sjå på kven det er som brukar dei ulike stadene og kva dei brukar stadene til. Slik kan planleggjarar og politikarar få eit langt breiare og meir realistisk grunnlag for det vidare arbeidet med stadutvikling. Ytre-Tysse er ikkje berre ein fysisk stad som blir oppfatta likt av alle. Dei som bur der, og som huskar korleis det var i gamle dagar, har ein heilt anna oppfatning av staden enn dagens ungdommar som er oppvaksne i byggefelta andre stader i kommunen. Ulik bakgrunn og erfaringar med staden, gjer også at det er svært ulike oppfatningar om korleis det er på Ytre-Tysse og kva det kan og bør utviklast til å bli i framtida. Tettstadprogrammet har to definerte målgrupper. Den eine er heile kommunen, ved at Ytre-Tysse er tusenårstad og viktig kulturhistorisk senter. Den andre målgruppa er dei fastbuande. I planane som er presenterte for Ytre-Tysse, saknar eg ei definering og konkretisering av *kven* dei fastbuande er, eller kven ein ønskjer skal bli fastbuande. Ordføraren snakkar om unge vaksne som kanskje ønskjer ei alternativ livsform og søker billigare husvære enn det dei kan få i Bergen. For den gruppa vil kanskje Ytre-Tysse framstå som attraktivt. Samtidig ser ordføraren at kommunen har store utfordringar rundt eit lite arbeidsmarknad og dårleg kollektivtilbod

Av dei som bur på Ytre-Tysse i dag, er det ein stor del eldre. Godt bumiljø og kort veg til butikk gjer at mange ønskjer å bli buande så lenge råd er. I samband med utviding av Sparbutikken, blei det etablert private omsorgsbustader i Tyssegata. Sjølv om det av

enkelte er stilt spørsmål ved utforminga av sjølve bygget, er tilførselen av tilgjengelege bustader blitt godt motteke. Tilgjengelege uteområder er det i dag få av. Tyssegata og kaiområdet er dårleg tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne. Ikkje berre på grunn av ujamnt dekke, men også på grunn av manglande plass. Ved detaljutforminga av miljøgata, skal derfor universell utforming leggest til grunn.

Med få unntak bur det i dag få små born på Ytre-Tysse. Barnefamiliar buset seg i stor grad i andre delar av kommunen der det er tilgang til einestadtomter og enklare kommunikasjonsmessig. I reguleringsplanen er det lagt opp til å tetta noko av "tanngarden" på Tysse og kommunen ønskjer private utbyggjarar velkomne til å setje i gang utbygging av mindre og relativt rimelege bustader nedanfor ungdomsskulen. På den måten håpar dei at unge barnefamiliar vel å busetje seg på Ytre-Tysse.

I følge ungdomane som bur i Samnanger i dag, så brukar dei Ytre-Tysse i svært liten grad. "Det er ingenting som skjer der" seier dei. Tidlegare stoppa skulebussen på kaien og elevane måtte gå opp bakken til ungdomsskulen. Då hende det at dei var innom butikken for å snopa på vegen heim. No køyrer bussen til snuplassen ved skulen og elevane er derfor ikkje innom tettstaden. Sidan dei heller ikkje tilhører den gruppa som oftast er på laurdagshandling eller kjøper måling, er det svært sjeldan ungdomane oppheld seg i Tyssegata. Unntaket er fine sommardagar, når dei badar ved flytebryggja.

I samband med arbeidet rundt tettstadprogrammet har det vore lagt stor vekt på å leggja til rette for ny næringsaktivitet på Ytre-Tysse. Gjerne handverkarar og andre som driv småskalaproduksjon og som kan kombinere produksjonsareal med utsal. Slik kan det igjen bli liv i gamle næringslokalar i Tyssegata. Samstundes går utviklinga av næringsaktiviteten på Ytre-Tysse motsatt veg. Eit eksempel på det er fabrikkens som, for å sikre vidare drift, har flytta fabrikkutsalet sitt til Bjørkheim. Eigar av Sparbutikken har nyleg fått rammeløyve til å føre opp eit stor forretningsbygg same stad. Kva som då vil skje med butikken i Tyssegata er uklart, men det ligg nok i korta at aktiviteten på Tysse vil bli redusert som følge av tunnel og dårlegare kundegrunnlag. Kva som skjer med H Hadeland når tunnelen kjem, er endå meir usikkert. Bedrifta er ikkje tilslutta noko kjede og er derfor i ein friare stilling enn Sparbutikken. Stor hytteutbygging i Eikedalen og på Kvamskogen har gjort at butikken har opplevd ei auke i omsetnaden dei siste åra. Dei har

ry på seg for å vere fleksible og tilpassingsdyktige og er, kanskje i mindre grad enn matbutikken, avhengig av gjennomgangstrafikken. I tettstadprogrammet legg ein opp til ny bruk av gamle næringslokale og det er uttrykt eit sterkt ønskje om å få nyetableringar på plass i Tyssegata. Programmet omhandlar i liten grad eksisterande verksemder og særlege H Hadeland uttrykkjer ei oppleving av at deira verksemd er ”i vegen” og ikkje passar inn i det som skal bli ”landsbyen Ytre-Tysse”.

Den fysiske tettstaden

Stadanalysen som Arkitektbruket gjennomførte i 1996 tok for seg landskap og historisk perspektiv i heile området kring indre Samnangerfjorden. Det mest konkrete og detaljerte arbeidet blei likevel gjort rundt Ytre-Tysse og særleg kring kaiområdet. Ulike havnivå på slutten av siste istid, har ført til tydelege terrassar i landskapet. Dei største gardane ligg på den største terrassen, ca 50 meter over havet. Ungdomsskolen er plassert på terrassen under.

Det er fleire måtar å kome til Ytre-Tysse på. Kjem ein sørfrå, eller skal sørover, går riksvegen gjennom Tyssegata. Når den nye tunnelen kjem, vil denne gjennomgangstrafikken forsvinne. Hagaåstunnelen gjer at trafikken får aust og vest alt i dag går utanom tettstaden. Det er derfor berre dei som vel å køyra gamlevegen som ”finn” Ytre-Tysse. Den korte avstanden frå Bergen, gjer at det heller ikkje er naturleg for turistar å leggje inn eit stopp her på vegen til eller frå byen. Etter at ”sokkautsalet” flytta til Bjørkheim, mista staden også nokre tilreisande av den grunn. Som eg har vist til tidlegare var sjøvegen ein vanleg måte å kome til Tysse på i gamle dagar. Tysse ligg inst i den 22 km lange Samangerfjorden. Etter at det kom vegsamband til Bergen, stoppa trafikken på fjorden opp. Ingen eg har snakka med trur denne trafikken vil ta seg opp igjen. Med unntak av dei som skal handle på Sparbutikken og hjå H Hadeland, er det såleis få som legg turen innom Ytre-Tysse og endå færre som faktisk oppheld seg der over lengre tid.

Analyse av den fysiske tettstaden er grundig gjort av Arkitektbruket i 1996 og seinare Asplan Viak i deira forprosjekt. Eg har derfor i liten grad brukt tid på å kartleggje dei ulike stadene og bygningane. I samtalar med ulike aktørar er det likevel nokre bygningar

og områder som merkar seg ut som særleg interessante. Ein av desse bygningane er fabrikkbygningen. Den er svært stor i høve til andre bygningar på Ytre-Tysse og det første ein møter når ein kjem vestfrå. Mange av dei mentale bileta av Ytre-Tysse er knytt til fabrikkbygningen og den har derfor også stor symbolsk verdi. Per i dag er det ledige lokale i fabrikkbygningen og det er eit mål for fabrikkeigarane, men også eit ønskje frå kommunen si side, å skape ny aktivitet i bygningane. Det har vore mange planar, frå parkeringsareal til lokalisering av småkraftsenteret. I forprosjektet til Asplan Viak var det foreslått husvære i delar av bygningen. Dette er gjort med stort hell andre stader som har liknande bygningsmasse. Samnanger kommune er ein typisk einebustad-kommune, der variasjon i bustadmassen er liten. Lettstelte bustader med trinnfri tilkomst kan derfor vere eit attraktivt alternativ til dei som har fått nok av store hagar og mykje vedlikehald.

Ytre-Tysse er elles ikkje ein stad som er kjent for heilskapleg og stor arkitektur. Sjølv om det er nokre flotte bustader i sveitserstil, ber staden preg av ein litt rotete byggestil. Nokre informantar meiner det er dette som gjer staden sjarmerande og skapar liv.

”Kvifor skal ein forandre på sjølve JEG`et?. Det er ikkje alt ei gamal dame kler. Kvifor skal ikkje Tysse få lov å vere ekte lenger” (Kari 58 år, næringsdrivande)

Andre etterlyser eit meir heilskapleg uttrykk. Reguleringsføresegnene til den nye reguleringsplanen legg i liten grad føringar for utforming av bygg og anlegg. I føresegnene er det likevel tatt med at før planlegging av einskildtiltak i området vert starta opp skal tiltaksansvarleg i samarbeid med kommunen gjennomføra ein byggesakskonferanse. På den måten sikrar kommunen at dei veit kva som er under planlegging på Ytre-Tysse og at dei kan stoppe tiltak som dei meiner er i strid med føringane i planen. Ei slik arbeidsform krev samstundes at kommunen har tid til å gå grundig inn i dei enkelte sakene, at dei tilsette på teknisk eining har nok kompetanse og at byggherre ønskjer å spele på lag med kommunen. Kommunen vedgår at det kan vere vanskeleg å seie nei til sterke aktørar som ønskjer å etablere deg, men som ikkje ønskjer å følgje kommunale føringar.

Den sosiale tettstaden

” Det var eit yrande liv i Tysseгатene, med mange ungar” (Odd Tveiterås om dagleglivet på Tysse på 30-talet i Årbok 2005).

Framleis er den viktigaste offentlige møteplassen på Ytre-Tysse vegen gjennom sentrum, særleg området frå H. Hadeland til Sparbutikken og eldresenteret. Samstundes er dagens trafikk til hinder for bruk av området. Biltrafikken fyller den smale vegbanen og gir lite rom for mjuke trafikantar. Både Safa-fabrikken og dei to butikkane er avhengig av leveransar med lastebil og trailer og dette fører til at gåande og syklande i stor grad blir forvist til tronge, eller ikkje-eksisterande sideareal. Parkering framfor Sparbutikken hindrar i tillegg bruk av kaiområdet. Den smale vegen gjennom sentrum har i stor grad vore med å forma staden og det er brei semje om at den framleis skal vere smal og ”kroglete”. Eksisterande bygningsmasse gjer også at ei utviding av vegen ikkje er mogeleg. Liten trafikk gjorde at det tidlegare låg til rette for eit langt meir allsidig av gata enn kva som er mogeleg i dag.

”Eg lærte å sykla i gata her. Me hadde skiløype ut i vegen når det var snø. Det var nesten aldri ein bil som kom forbi likevel” (tyssebuar)

Alt i stadanalysen som blei gjennomført i 1995 var det stor fokus på å korleis ein skulle utforma Tyssegata for å sikra forgjengarane si tryggleik og samstundes lage gode møteplassar. I 2013 vil gjennomgangstrafikken gå i tunnel bak tettstaden og situasjonen blir ein annan. Då kan Tyssegata kanskje igjen bli ein stad med ytande liv og mange ungar.

”Det blir jo mykje fredelegare for oss som bur her og det blir ei oppgradering. Når eg blir 70 år kan eg gå ut med rullatoren mi. Då eg var 30 år gjekk eg med barnevogn. No er det nesten umogeleg å gå der, det er ikkje kos å gå utover. Og har du barn må du vekk, kjøre vekk” (Knut 64 år, fabrikkengar)

Miljøgata som er planlagt på Ytre-Tysse har to viktige mål. For det første skal gata skape nye møteplassar og gje Ytre-Tysse ei standardheving i det fysiske miljøet. For det andre skal utforming av miljøgata auke trafikktryggleiken i sentrum.



Figur 8: Miljøgata og tusenårspark (kjelde:Asplan Viak)

Tyssegata vil aldri bli bilfri og dei mjuke trafikantane vil også i framtida måtte dele det smale gatelaupet med bilane. Skilnaden frå før miljøgateprosjektet er først og fremst at utforming og materialbruk betre vil synleggjere for bilistane at her er det mjuke trafikantar som har førsteprioritet, og at farten må tilpassast.

Bileta av Ytre-Tysse er nært bunde til sjøen og tradisjonelt har bruk av sjøen hatt ein sentral plass. Det har vore brei semje om at Ytre-Tysse igjen må vende seg mot sjøsidea. Dei tronge tilhøva i sentrum gjer at kommunen har valt å legge nytt areal til det gamle. Det er derfor planlagt ein ny kai som skal "hengjast utanpå" den gamle. Kaien er tenkt som ein møteplass både for dei som bur på Ytre-Tysse, men også for tilreisande båtfolk eller bilistar. Kaien skal ha ei utforming som gjer at det er attraktivt å opphalde seg der og det skal mellom anna leggjast til rette for grilling. I reguleringsplanen er det også lagt opp til ei gjestehamn for småbåtar og ein badeflåte med stupebrett. Kommunen er avhengig av privat initiativ og midlar for å kunne realisere båthamna. For nokre år sidan, kjøpte kommunen ei lita flytebyggje som er blitt svært populær blant ungdommane på fine sommardagar. Bryggja er ein liten forsmak på det ein håpar skal la seg realisere. Ved å

legge til rette for betre tilgang til sjø og nytt kaianlegg med grill og sitjeplassar, melder snart trongen for toalett, tilgang til reint vatn o.l. seg. I forslag til reguleringsplanen var det tatt høgde for dette ved å regulere inn eit sanitæranlegg. Dette anlegget er seinare tatt ut av planen og det føreligg per i dag ikkje nye konkrete planar.

Samanger kommune har valt Ytre-Tysse som tusenårstad. På Langåsbakken, ovanfor Langabue skal det etablerast ein minnepark over den gamle industristaden. Hovudelementet i parken er eit basseng som er utforma som ein vassdrope. Ideen bak utforminga er dei rikelege regnmengdene over Samnanger, som har skapt grunnlaget for kraftproduksjon og industrietablering. Vatnet skal renne frå bassenget langs ein spiralforma sti ned til sentrum. Terrenget som parken skal ligge i er bratt og høgdeforskjellane skal takast opp med tørrsteinsmurar. Bruk av ubygd areal til park og bustader har vore omstritt. Langåsbakken er ein av dei få grønne lungene som framleis finns på Ytre-Tysse. I samband med arbeidet rundt reguleringsplan for Ytre-Tysse, er det frå enkelte kommentert at Langåsbakken bør bevarast slik den er.

”Hadde me ikkje hatt den badestranda og hadde me ikkje hatt Langåsbakken over her, som no skal bli park, så veit ikkje eg korleis noko skulle blitt. Me budde desse plassane når det var fint ver og sommar, og ikkje berre når det var badesesong, men elles og. Ungane kunne sjå på insekt, plukka blomar – det var så kjekt – no er plassen vekke”
(Kari 58 år, næringsdrivande og tidlegare tyssebuar)

Frå kommunen si side blei det argumentert for at området er det einaste innanfor avgrensingane til planen som er egna for bustadbygging og at ny bustadbygging er eit satsingsområde. Nokre av dei som har protestert på planane har hatt ungar som vaks opp på Ytre-Tysse. Dei som er småbarnsforeldre i dag, har i liten grad engasjert seg i arbeidet. Dette kan forklarast med at dei bur andre stader i kommunen og brukar området på Ytre-Tysse i svært liten grad. I ei tid som er prega av diskusjonar rundt skulenedlegging og samanslåing av skular, er det naturleg at denne gruppa har fokus andre stader enn på tettstadutvikling på Tysse. Sjølv om det har vore protestar mot etablering av tusenårstaden, er det i stadutviklingsamanheng viktig å også lytte til dei stemmene som ikkje er så tydlege og markerte. Somme av dei som har følgd staden gjennom dei siste tiåra, tykkjer det er flott at historia til staden blir tatt vare på og ført vidare.

Ungdommane eg snakka med les i stor grad lokalavisa. Dei var derfor, etter å ha tenkt seg om ei stund, rimeleg godt informerte om det som skal skje på Ytre-Tysse. For denne gruppa vil nytt kaianlegg bli motteke med stor applaus. Kveldssola gjer at kaien er svært attraktiv og ein populær samlingsplass fine sommarkveldar.

Tankar rundt bruk av Ytre-Tysse

Bruk av Ytre-Tysse er for mange sterkt knytt til fortida og framtida, mens det er liten fokus på notida. Informantane refererer til det som ei gong var og viser til det som kanskje skal kome. Tida no er berre eit mellomspel. I følge ungdomane skjer det aldri noko i Samnanger og i alle fall ikkje på Ytre-Tysse.. Dei som ikkje er aktive i idrett eller på bedehuset "heng" ofte på kroa på Bjørkheim eller dei møtast heime hjå kvarandre og på nettet. At Tysse er kommunesenteret har dei lite forhold til. Dei ungdomane eg har snakka med, ser på Bjørkheim som det naturlege senteret i Samnanger kommune. På eitt område kan Ytre-Tysse likevel konkurrere med Bjørkheim og det er når det gjeld soltilhøve. Derfor er også badebryggja som kommunen har skaffa på Ytre-Tysse svært populær. Ungdomane ser også fram til det nye kaianlegget som er planlagt.

Mange av dei gamle næringslokala i Tyssegata står no tome, noko som gir eit dystert preg på gata. ProSam AS har, ved god hjelp av kunstlaget, fått arrangert kunstutstilling i ein del av vindauga. Tiltaket har blitt godt motteke og har gitt gata eit løft. Utfordringa er å fornya utstillinga ofte nok til at det blir interessant for folk å ta ein tur gjennom gata. Kunstlaget har også vore aktive for å få aktivitet i den gamle Smio og brukar den til utstillingar og andre arrangement. Når ein ser godt etter, er det med andre ord litt aktivitet på Ytre-Tysse. Mykje av det som skjer er likevel resultat av arbeidet til nokre svært få ressurspersonar. Utfordringa er å spreie denne entusiasmen til fleire.

"*Folk i husan* " er eit bilete som er mykje brukt i kommunen sin presentasjon av tettstadprogrammet. Utan folk blir det ikkje noko av den levande landsbyen. Sidan det ikkje lenger bur 8-10 i kvar bustad, er ein såleis avhengig av å tilretteleggje for ny bustadbygging. Dette ønskjer kommunen å gjere både gjennom fortetting og å regulere nytt byggeland. Begge delane har ført til hissige diskusjonar. Dei som bur i Tyssegata er rimelegvis skeptiske til å få hus i "hagen" og brukarar av Langåsbakken er sterkt imot å

bruke den einaste grønne lunga som er på Ytre-Tysse til bustadbygging. Sidan kommunen ikkje sjølv sit på eigendomar i området, er dei avhengig av å få private på banen. På dette området kan den lange tida prosessen har tatt, seiast å ha vore positiv. Dei siste åra er nokre få hus blitt pussa opp og tilbakeført til opphavleg byggestil. Dette har skapt ein positiv ringverknad der folk har fått opp auga for at ”ferdigmala kaffelatteplater” ikkje nødvendigvis er det rette. Korleis kommunen vil handtere spørsmålet om nullkonsesjon vil også få konsekvensar for om det blir ”folk i husan” og liv og røre i Tyssegata. Som mange andre småkommunar opplever Samnanger lite trykk av aktørar som ønskjer å investere i kommunen. Ønskje om å regulere, men samtidig ikkje ”regulere i hel” gode initiativ, er for politikarane derfor ein vanskeleg balanse.

Ytre-Tysse - kva bilete finns?

I reguleringsplanen, som blei vedteken av kommunestyret i 2004, er målsettinga å utvikle ei miljøgate, opne for offentlig tilgang til sjøen og etablere Samnanger sin tusenårstad/-park på Ytre-Tysse. I kommunen sin søknad om tilskot til Regionalt utviklingsarbeid, viser dei til at ved å gjenskape ”landsbyen” Ytre-Tysse, ønskjer dei å legge til rette for eit livskraftig bygdesenter som har tiltrekningskraft til lokalt næringsliv. Ved ei attraktiv tettstadsatsing no, før tunnelen kjem, håpar kommunen å gje Ytre-Tysse eit godt omdøme som kan verke førebyggjande den dagen gjennomgangstrafikken forsvinn. I søknaden viser dei til at kommunen ønskjer å ta vare på det unike og spesielle landsbypreget, det intakte gatemiljøet og bygningane der.

I prosjekt der ein ønskjer å skape noko nytt utifrå noko gammalt, er det ofte nødvendig å vurdere kritisk kva kvalitetar og eigenskapar det er viktig å vidareføre og kva som kan erstattast. Ytre-Tysse er bygd opp kring fabrikk og i samband med stadutvikling vil det vere uråd å ikkje ta omsyn til korleis fabrikk har vore med på å forma den vesle tettstaden. For dei som vaks opp mens det ennå var stor aktivitet på fabrikk, er bileta av Ytre-Tysse, og identiteten til kommunen, sterkt knytt til livet ved fabrikk.

”Kva er Samnanger utan Tysse? Ingenting. Du må ha opprinnelsen, røtene dine for å utvikle vidare” (Anne 66 år, velforeininga)

Som venteleg var, har aktørane ulike mentale bilete av Ytre-Tysse. Somme er mest opptekne av biletet av industristaden og livet rundt fabrikkene. Andre av sjølve tettstaden og korleis "buplassen" Ytre-Tysse er. Dei næringsdrivande har rimelegvis størst fokus på korleis bileta av handelsstaden Ytre-Tysse er og bør utviklast. Vidare i dette kapitlet vil eg presentera bileta som dei ulike aktørane eg har snakka med oppfattar som dei viktigaste og som dei meiner det bør leggjast vekt på i det vidare i arbeidet rundt utvikling av staden.

Bilete av fabrikkstaden Ytre-Tysse

Alle aktørane, også ungdomsskuleelevene, meiner at fabrikkene er den viktigaste grunnen til at tettstaden Tysse finns og det viktigaste biletet av Ytre-Tysse. Fabrikkbbygningane er dei første ein ser når ein nærmar seg staden frå vest og såleis eit viktig visuelt bilete av staden, i tillegg til dei mange mentale bileta som finns rundt fabrikkene.

Samnanger historielag har gjort eit solid arbeid når det gjeld å dokumentera livet på Ytre-Tysse gjennom bilete og tekst. Mykje av stoffet som omhandlar gamle dagar på Ytre-Tysse har eg henta frå årbøkene til historielaget. I 1885 var det nokre få hus på Ytre-Tysse og omlag 20 menneske alt i alt. 15 år seinare var folketalet auka til 525 personar. Frå grunnarbeidet til Samnanger Uldvarefabrik starta hausten 1885, gjekk det berre eitt år før produksjonen starta. På den korte tida var det bygd murar langs sjøen og elva, demning i elva og røyr ned til tomte, turbin og dampkjele. I tillegg skulle det reisas fabrikkbygning, lagerbygningar og arbeidarbustader. Frå å vera ein liten stad med nokre få gardar, blei Tysse endra til ein travel industristad, med store klasseskilnader. Dei høgare funksjonærane var ofte utlendingar og levde eit heilt anna liv enn arbeidarane. Stilfulle hagefestar og vidbremma hattar var ein del av biletet. Andre levde trengt og med dårlege sanitetstilhøve.

Dei fleste bileta av fabrikkene og fabrikkstaden Ytre-Tysse i dag er positive. At produksjonen for ein stor del skjer i utlandet er akseptert og livet på staden står og fell ikkje lengre av aktiviteten ved fabrikkene. Safa-sokkane blir sett på som eit kvalitetsprodukt som samningane er stolte av og gjerne trekkjer fram når høvet byr seg. I

samtalar med samningar som ikkje bur på Tysse, kjem det likevel fram eit bilete som tyder på at det å vere ein industristad også kan ha ei negativ side.

”Det er veldig stor kulturforskjell akkurat med dette å ta initiativ og kome i gang å få gjort noko. Det heng litt tilbake igjen i dette med industrisamfunnet – det vart jo lagt til rette med fabrikk og butikken og alt vaks opp rundt industrisamfunnet – dei fekk det tredd ned over seg. Dei som er på Ytre-Tysse, dei tar heller ikkje så mykje initiativ – dei ventar på kommunen og det har dei alltid gjort, i alle år så har dei venta på kommunen. Mens dei på Bjørkheim, dei ventar ikkje på kommunen, dei set i gong. Det er ein forskjell, ein kulturforskjell” (Eva 46 år, prosjektleiar ProSam).

Erik Fossåskaret (2003) skriv om industristaden Ålvik at fabrikk, i tillegg til å vere ein rådgivande arbeidsplass, også er stadstyrande selskap. I stor grad gjeld dette også Tysse. Før utbygginga starta, hadde fabrikkeigaren sikra seg grunn og rettar langs elva. Dermed hadde dei hand om det meste av utvikling på Ytre-Tysse. Sjølv om dette har hatt mange positive sider for staden, har ei slik styring ovanfrå også klare negative konsekvensar som særleg kjem fram no når fabrikk sin posisjon ikkje er så sentral som tidlegare. Etter at fabrikk reduserte sitt engasjement, har det oppstått eit vakuum, der svært få har tatt initiativ til å få gjort noko. Når eg spør fabrikkeigaren om han trur folk meiner fabrikk har eit samfunnsansvar utover det å vere arbeidsgivar, svarer han at det nok var meir slik før. *”Vi er ikkje så mange igjen her. Vi er litt friare no, vi føler ikkje at det er vi som liksom må halde liv”*. Dei eg har snakka med, er einige med fabrikkeigaren at det ikkje lenger er naturleg for fabrikk å ha ei så sentral rolle som samfunnsbyggjar. Samstundes har samtalar med informantane vist at mentaliteten på Ytre-Tysse framleis ber preg av at folk er vane med at *andre* ordnar opp.

Bilete av eit kraftsamfunn

Vatn og småkraftproduksjon har alltid vore viktig i Samnanger og med over 3 meter nedbør i løpet av eit år, er vatn noko ein samning må lære seg å leve med. Det er nok ikkje tilfeldig at kommunen har vassdropar i kommunevåpenet sitt og at eit kompetansesenter for småkraft er under planlegging her. Dei fleste kommunar med store nedbørsmengder, brukar å tone ned den biten når dei skal ”selja” staden sin. I

turistbrosjyrar frå Bergen, er det for eksempel stort sett blå himmel på alle bilete. Samnanger kommune brukar vassdropane aktivt. Vatn har vore, og er framleis, viktig for mykje av aktivitetane i kommunen. Tilgangen til billig straum og inntekter ved sal av straum til andre, er også ein viktig årsak til at det framleis er litt produksjon og aktivitet i fabrikk.

”Det har jo vore ein av grunnpilarane, dette med vatnet og fossen” (Knut 64 år, fabrikkarbeidar).

Aktivt bruk av vassdropane har vore med å skape bilete av Samnanger som eit kraftsamfunn som i stor grad er bygd opp rundt tilgang til billig kraft. Dette er eit bilete som eg opplever at alle er samde om. At bildet heng saman med mykje nedbør, er folk mindre opptekne av å vise fram. I samtalar med folk som bur på Ytre-Tysse blir all nedbøren i liten grad nevnt. Eg oppfattar det likevel slik at dei erkjenner at kraftproduksjonen er viktig og at all nedbøren er ein del av biletet, men at dei ønskjer å tone ned biletet av ”regnstaden” i møte med andre. Dei er meir opptekne av å fortelja kor lenge sola skin på fine sommardagar enn kor ofte den ikkje skin.

Bilete av tettstaden Ytre-Tysse

Indre- og Ytre-Tysse har ulik karakter og er sterkt skilt frå kvarandre med fossen og elveosen. Ytre-Tysse er den eigentlege tettstaden som vaks fram rundt fabrikk og kaien. I bakkane rundt kaiområdet ligg bustadhus, små arbeidarbustader, større hus i sveitserstil og meir bymessige direktørbustader. Langs vegen ligg dei eldste husa, mange med butikklokale i første høgda. I skråningane med mot sjøen ligg større hus prega av etterkrigs-byggmesterstil (frå Arkitektbruket ANS si stadanalyse 1995).

I vanleg daglegtale brukar ikkje samningane namna Indre- og Ytre-Tysse. Dei snakkar om kaien eller Tysse og Tyssevikjo. I arbeidet med tettstadprogrammet blei det nødvendig å definere arealet som er omfatta av programmet og Ytre-Tysse blei då det naturlege namnet. I denne oppgåva har eg valt å konsentrere meg om det som skjer aust om elva, altså på Ytre-Tysse. I samtale med informantane merkar eg at skiljet mellom Indre og Ytre-Tysse er litt unaturleg. Av og til må eg derfor spørje konkret om Ytre-Tysse for å skilje det arealet som er omfatta av tettstadprogrammet frå resten av Tysse.

Dei fleste informantane har eit nostalgisk forhold til staden.

” Tysse er blitt forandra, det er ikkje noko å seie på det. Det var jo mykje meir liv her med befolkninga og fabriken og det heile. Det var liksom – Tysse det var sentrum – det var jo det” (Knut 64 år, fabrikkengar)

Det er likevel verd å merke seg at det er ingen av dei som eg har snakka med som trur, eller ventar, at den tida skal kome igjen. Når eg spør om den entusiasmen som politikarane hadde då dei vedtok tettstadprogrammet enno held, svarar eine informanten at det er brei semje om at Ytre-Tysse skal vere ein sånn liten ”koseby”, mens det ”verkelege” når det gjeld utvikling, skal skje på Bjørkheim. Fabriken har flytta fabrikkutsalet sitt til Bjørkheim. Når eg spør fabrikkengaren om det var reaksjonar på det, svarar han at det var enkelte av dei eldre på Ytre-Tysse som reagerte, men auka omsetnad viser at dei gjorde det rette.

Eit av hovudformåla med tettstadprogrammet, er å skape nytt liv på Ytre-Tysse. Kva dette livet skal bestå av, og for kven, er meir uklart.

”Du har jo dei typar menneske som skal ha det akkurat sånn som før. Dei skal ikkje gjere noko. Så har du dei som er for å få litt meir liv og så har du dei på ytterkanten; nei vi må berre få vekk alt det gamle og så må vi leggje ned her og få alt bort til Bjørkheim. Du har jo den. Så det er litt forskjellige variantar.”(Knut 64 år, fabrikkengar)

Snakkar ein om ein triveleg buplass med ein liten nærbutikk, eller ligg det noko anna i dette å ”gjenskape landsbyen”? Odd Tveiterås skriv i Årbok for 2005 om dagleglivet på Tysse på 1930-talet: *”Her var meieri, fleire bakeri, kolonialbutikker, kjøttbutikker, klede- og leiketøybutikk, kafear og hotell, skomakar, sydamer, skreddar, mekanisk verdstad, snikkarverkstad, post, bank, bil- og båtekspedisjon, lege og tannlege, to bensinstasjonar, frisørar, telefonsentral, drosje og lastebileigar”*. Mange av desse funksjonane er det i dag ikkje lenger bruk for. Andre funksjonar er ivaretatt av dei 2 næringsdrivande som er igjen i Tyssegata, Spar-butikken og H Hadeland. Mykje har endra seg i samfunnet sidan Tyssegata var full av koselege småbutikker som selde bakarvarer, blomar og kjøttvarer. I dag får ein alt dette på Sparbutikken. Det ein elles treng til hus og heim, skaffar dei på H Hadeland.

Det som frå mange sider blir sett på som det største hinderet for utvikling på Ytre-Tysse, er verksemda til H Hadeland og deira beslaglegging av areal på kaien. Samstundes er verksemda noko av det mest spesielle og unike som finns på Ytre-Tysse.

”Folk seier til meg – dette er ein skikkeleg butikk, du har jo eit fantastisk utval. Dette må bevarast” (Kari 58 år, næringsdrivande)

Butikken held til i eit gamalt hus i enden av Tyssegata og i tillegg har dei varer i både Langabue og Vetlbue. Både på grunn av varelevering og kundar som skal hente varer, er det nødvendig å ha tilgang til buene. Denne konflikten rundt bruk av arealet på kaien går eg grundigare inn på under kapitlet Ytre-Tysse – samhandling og interesser.

Bilete av sjøstaden Ytre-Tysse

I samband med kraftutbygging på Frøland vart det bygd ein stor kai på Ytre-Tysse. Der blei det lossa varer som kom sjøvegen frå Bergen. Odd Tveiterås skriv vidare: *”Når fjordbåtane låg ved kai, var det mykje folk samla og praten gjekk. Om sommaren kom det av og til store turistbåtar til Tysse. Båtane la seg til ute på fjorden og passasjerane blei frakta til lands med småbåtar. Deretter reiste dei landevegen vidare til Norheimsund. I 1932 fekk Bergen samanhengande vegsamband med Hardanger og turisttrafikken med båt til Tysse gjekk etter kvart attende. I dag er det, med få unntak, ingen turistar som stoppar særleg lenge på Ytre-Tysse.*

I arbeidet med å utforma tettstadprogrammet, kom det fram i alle undersøkingar, folkemøte og arbeidsmøte, at folk ønskjer på ny å få tilgang til sjøen. Det gjeld både tilkomst med båt og betre tilhøve for bading. I dag er kaifronten stengt av med eit gjerde og ved fjære sjø er det umogleg å legge til med småbåt. Nytt kaianlegg er ein sentral del av tettstadprogrammet. I følgje enkelte aktørar, er fokuset på kaiar alt for stor i Samnanger generelt og særleg på Ytre-Tysse:

”Me har berre kaien og det er det fokuset er på her, kaiar, ikkje ei strand. Ikkje ein plass, der ungane når dei er små, kan å få tilvenning til vatnet, vasse med små barneføter i fjøra – det er eit ikkje tema” (Kari 58 år, næringsdrivande)

På Ytre-Tysse er det to plasser der det er tilgang til strand. Den eine er Granen som ligg ved elva i sør. I dag er dette området privatisert. Bakkafjøra har, på grunn av ureining frå kloakk og renovasjon, tradisjonelt vore lite brukt til badeplass. Når det nye VA-anlegget kjem på plass, blir situasjonen annleis og Velforeininga har arbeidd fram avtale med grunneigarane om bruk av fjæra. I den nye reguleringsplanen er Bakkafjøra regulert som spesialområde. Det betyr at det ikkje vil bli ytterligare utbygging av naust i området. Sjølv om tilgangen til området er sikra for ålmenta, er det i følgje ein informanten likevel liten grunn til å tru at Bakkafjøra blir ein attraktiv badeplass.

”Når det er flo her så går floa heilt opp og då går det ikkje an å liggje ein einaste plass - Det er ein liten tupp nedpå der og der er det desse gamle pensjonistdamene kjem ned å set seg - med og utan gåstol – og det er den einaste flekken å vere på” (Kari, næringsdrivande 58 år).

Bileta av Ytre-Tysse har tradisjonelt vore prega av at staden er ein sjøstad og i mindre grad ein strandstad. Slik ser det ut til å bli også i framtida.

Tankar rundt bileta av Ytre-Tysse

Det som først og fremst slår meg etter å ha gjennomført intervju, er at dei bileta dei vaksne informantane har om Ytre-Tysse i stor grad er knytt til bilete frå fortida, slik det var då aktiviteten på fabrikkjen var stor og det var liv og røre på den vesle tettstaden. Sjølv om alle veit at produksjonen på fabrikkjen aldri vil kunne nå gamle høgder, lever bileta av industristaden vidare ilag med draumar om nytt liv i tomme næringslokale. Ungdommane på ungdomsskulen har bilete av Ytre-Tysse som ein ”ikkjestad”. Dei brukar i liten grad staden og ser heller ikkje noko grunn til at dei skal gjere det. Då er situasjonen litt annleis for dei litt eldre ungdomane som har kommentert situasjonen på facebook. Der er optimismen større og fleire har tru på at Ytre-Tysse kan bli ein flott stad å bu når tunnelen kjem.

”Hei jeg tror at Ytre-Tysse vil bli en perle når trafikken forsvinner, og en skikkelig gjestebrygge blir bygget. Har ikke bodd her lenge men synes at plassen er virkelig fin. Stortrives her- :)” (Facebookmedlem)

”Me ønskjer å gjenskape landsbyen Ytre-Tysse”, seier ordføraren. Tradisjonelt har omgrepet landsby vore lite brukt i Noreg. Grunnen er at enkeltgardar har dominert jordbruket og busetnaden har derfor tradisjonelt vore spreidd. Frå kring 1960 har vi brukt omgrepet tettstad om småbyar som juridisk sett ikkje var by. Dei siste åra har omgrepet landsby vorte vanlegare også i Noreg, og særleg i samband med stadutvikling. Ordet har for mange ein positiv klang som vekker minner frå ferieturar til sørlegare strøk og det gode liv på ein ”square” i ein gamal middelalderlandsby. Mens ein landsby vanlegvis er bygd opp rundt jordbruksnæringane, er Ytre-Tysse bygd opp rundt kraftproduksjon, industri og handel. Fordi staden aldri har vore det ein vanlegvis tenkjer om ein landsby, er det også fleire informantar som seier at dei ikkje får tak i kva ein meiner med å gjenskape landsbyen.

I samband med stadutviklinga, må ein velje kva retning ein vil utviklinga skal gå. Skal Ytre-Tysse bli ein museumsstad som lever i fortida og på det som ei gong var, eller kan staden transformerast til noko nytt og annleis og i tilfelle til kva? Når det gjeld bileta av korleis ein ønskjer Ytre-Tysse skal framstå for komande generasjonar, er meiningane delte og signala som kjem frå sentralt hald i kommunen er til dels uklare. Eit eksempel er satsinga på nye næringar. Ytre-Tysse har mista alle dei små butikkane som selde bakarvarer, blomar og kjøttvarer o.a. og som gjorde at Ytre-Tysse var ein travel handelsstad. Varene er likevel ikkje borte. Sparbutikken sel både blomar og nokre manufakturvarer i tillegg til vanlege kolonialvarer og H. Hadeland skaffar det meste av det ein treng elles. I reguleringsføresegnene til den nye reguleringsplanen for Ytre-Tysse, er det sagt at areal som tidlegare er nytta til forretning/næring i bygningar som ligg med fasade mot Tyssegata, skal vidareførast. Slik vil kommunen hindre at areala blir tatt i bruk til bustader. Nye næringsverksemder som er nemnt i denne samanheng er mellom anna småskalaproduksjon av mat. I april 2010 vedtok kommunen å setja opp eit brakkebygg på Bjørkheim som mellom anna skal fungere som eit ”bondens marknad” og eit utsalsstad for lokale produkt. Sjølv om brakkebygget i utgangspunktet berre er meint å stå i 3 år, styrker vedtaket Bjørkheim sin plass som det reelle senteret i kommunen.

Ferdigmåla ”kaffelatteplater”og blondgardiner – er det slik dei vil ha Ytre-Tysse?, svarar ein informant når eg spør kva kvalitetar ein bør leggja vekt på i framtida. Kva som

er fint og kva som er stygt er svært individuelt og sjølv mellom dei få informantane eg har snakka med i dette arbeidet, kjem det tydeleg fram at meiningane om dette er delte. Ein vil fornye og ruste opp staden slik at det blir ”småfint og koseleg” på Ytre-Tysse, mens ein annan meiner heile sjarmen med staden er det litt rufsete og uflidde uttrykket som staden har i dag. Ein meiner at staden har alt ein attraktiv tettstad bør ha: det er trangt, tett og med god tilgang til sjø. Som utanforståande spør eg: er dette nok? Blir ein stad ein god plass å vere berre ein byggjer tett og trangt nok? Kva med utforming av bygga og ikkje minst rommet mellom bygningane? I arbeid med stadutvikling er det viktig å huske på at dei fysiske omgivnadane i stor grad er med på å lage rammer for folk sin kvardag, tryggleik og trivsel.

Ytre-Tysse – samhandling og interesser

Stadutviklingsprosjekt er alltid tema for diskusjonar og usemje. Også på Ytre-Tysse er det ulike interesser når det gjeld synet på kva det er viktig å ta vare på, byggje vidare på, endre eller tilføre for at tettstaden skal få den utviklinga ein ønskjer. Til dels er det også usemje rundt kva utvikling ein ønskjer. Det viser seg ofte i slike prosjekt at sjølv om ein har ulik ståstad, så kan ein likevel ha samanfattande interesser. Eller at folk, som ein i utgangspunktet trudde var samde, ser svært ulikt på ting. Det er derfor viktig å identifisere dei ulike interessene og diskursane som finns på staden, slik at arbeidet fremmar, og ikkje hemmar utvikling (NIBR-rapport 2009:22 Stedsutvikling i Eidfjord). For å få dette til er det viktig å køyre ein god og open prosess. Det har frå kommunen si side vore lagt stor vekt på medverknad undervegs i prosessen rundt tettstadprogrammet. Samstundes har dei nok gjort den erfaringa at medverknad både kan vere tidkrevjande og vanskeleg. For kva gjer ein dersom dei ein spør ikkje er einig i det som blir føreslått? Eller når dei meiner at den planlagde utviklinga går i heilt feil retning? Eller kanskje verst av alt, ikkje ønskjer endringar? Gjennom informantane mine, har det kome fram mange interessante tankar rundt dette med medverknad og samhandling. Jürgen Habermas (1984) sin teori om kommunikativ rasjonalitet legg vekt på konsensus og samhandling. Eksemplet frå Ytre-Tysse viser at det ikkje er nok å legge til rette for medverknad og diskusjonar når aktørane ikkje ønskjer, eller ser det føremålstenleg, å delta. At nokre

aktørar klarar å oppnå konsensus, hjelper lite når andre viktige aktørar står utanfor, eller i verste fall boikottar vedtaka.

Medverknad

”Dette begynte veldig bra. Det begynte med brei medverknad, for det ville me” (ordførar)

Alle medverknadsprosessar er krevjande og når prosessen går over så lang tid som i dette tilfellet, så er det i overkant av kva folk klarar å engasjere seg i. Det blir også vanskelegare å få folk til å tru at det nyttar og at deira meiningar, erfaringar og forslag vil bli tillagt vekt. I tillegg har det etter kvart vakse fram ein resignasjon og ei haldning om at *”dei gjer som dei vil likevel”*. Dette påverkar også dei som jobbar med saka frå kommunen si side. Ordføraren seier at det er lenge sidan ho slutta å tidfeste kor tid ting skal skje. *”Eg lovar ingenting meir før spaden er satt i jorda og dei ser at noko er på gang”*.

Undersøkingar som er gjort viser at medverknad frå lokalsamfunnet, utover minstekravet i Plan- og bygningslova, er relativt sjeldan i reguleringssaker (Falleth og Sandkjær Hanssen 2009). Dette fører ofte til at nokre interesser eller synspunkt ikkje blir fremja tidleg nok i prosessen, eller at dei ikkje blir lagt vekt på av dei som skal gjere vedtak. I NIBR sin rapport 2009:22 Stedsutvikling i Eidfjord, blir det poengtert at demokratiske prosessar sjølvstund ikkje garanterer at alle forslag blir realisert. Ein vil alltid måtte vekte og prioritere mellom ulike føremål og tiltak. I tillegg kan det vere grunnar av økonomisk og fagleg karakter som gjer at ting må endrast. Sjølv om ein legg opp til ein demokratisk prosess, garanterer det heller ikkje at ein klarar å mobilisere alle aktørane. Ved at nokre viktige aktørar ikkje delta i arbeidet misser ein både viktige innspel og nødvendig forankring. Dette er prosessen rundt tettstadprogrammet eit godt ekempel på. Frå kommunen si side var det tidleg uttrykt eit klart mål om å legge til rette for brei medverknad. Derfor tok kommunen også initiativ til å få etablert Ytre-Tysse Vel. Meininga var at alle som budde på Ytre-Tysse og/eller hadde heimel til eigedom der, kunne vere med i velforeininga. Ei av dei som har vore kritisk til tettstadprogrammet, er næringsdrivande i Tyssegata. På den tida invitasjonen kom, var ho ikkje fastbuande på Ytre-Tysse og hadde heller ikkje heimel til eigedom. Ho fekk derfor ikkje invitasjon til å

vere med i velforeininga, noko ho sjølv opplevde som eit klart signal om at hennar meiningar var uønskte. Då ho seinare overtok eigedom på kaien, og såleis kunne bli rettmessig medlem av velforeininga, var det meste spikra og det var lite rom for innspel. Lovnadar om å bli trekt inn i arbeidet rundt detaljplanlegginga høyrde ho ikkje noko meir til.

Det diskusjonane først og fremst har handla om, er kva stad ein ønskjer Ytre-Tysse skal vera i framtida. Somme ønskjer at staden skal bli ein "koseby", mens andre er meir opptekne av å ta vare på det autentiske. Denne konflikten har prega mykje av arbeidet rundt tettstadprogrammet og har gjort det vanskeleg å finna gode løysingar som aktørane kan einast om. Når viktige aktørar i tillegg ikkje deltek, blir det endå vanskelegare. Eit medlem i velforeininga seier det slik: *"me får aldri deira idear om kva dei då vil gjera. Det er det som er problemet hjå oss og som har skapt mykje frustrasjon. Hadde dei teke del i dette, så hadde dei vunne mykje"*. I ettertid kan ein tenkje at med så få aktørar som det er på Ytre-Tysse, burde viktige næringsaktørar fått invitasjon til å delta på lik linje med dei som bur på staden, eller dei som har eigarinteresser der. Samtidig har det vore ope for kven som helst å kome med innspel, så det å vere utelate frå velforeininga betyr ikkje at ein ikkje har hatt høve til å seie si meining. Velforeininga har vore viktig i arbeidet med å forankre tettstadprogrammet. Når det gjeld kreative innspel, har velforeininga medverka i mindre grad. *"Når det gjeld kreative innspel har velforeininga medverka med at dei har møtt fram og vore aktive og trufaste med i debattane. Dei har hatt mange spørsmål undervegs"* (ordførar).

Arealbruk og interesser

Som vist til i kapittelet om bilete av tettstaden Ytre-Tysse, er tilgjengeleg areal ei mangelvare på den vesle tettstaden. Det gjer også at det blir diskusjonar om korleis det arealet ein har, skal brukast. "Alle" er einige om at det er utfordringar rundt parkering i Tyssegata. I planen for miljøgata er det derfor lagt opp til å oppretthalde dei fleste plassane på kaiområdet. For å sikre tilkomst til den nye kaien og gjestebryggja, er nokre parkeringsplassar flytta sør til området ved brua. For samningane, som er vane med å køyre til døra, blir dette ein ny situasjon.

Når det gjeld nytt kaianlegg, har det vore brei semje om at det er både nødvendig og ønskjeleg. Samstundes har det vore mange rundar og forslag til løysingar. Dei største diskusjonane har det vore rundt plassering av den planlagde gjestebryggja og sanitæranlegg. Som vist til tidlegare, har ein ikkje oppnådd semje rundt sanitæranlegget og dette er derfor utsett på ubestemt tid. Når det gjeld gjestebryggja er den no plassert ved Tømmerkaien, som er i kommunal eige. For å sikre god tilkomst til Tømmerkaien, ønskte kommunen i utgangspunktet å flytte Vetlebue nærmare Langabue. Dette blei avvist av eigarane og kommunen har derfor lagt tilkomsten til Tømmerkaien over kommunal grunn som ligg mellom dei privat eigde buene. Denne tilkomsten vil derfor lett kome i konflikt med H Hadeland, som er avhengig av den kommunale grunnen for å få tilkomst til varelevering/-henting. Ei utfordring framover blir å få realisert kaianlegget og samstundes legge til rette for framleis drift ved H Hadeland.

I samband med reguleringsarbeidet var det forslag om å utvida Tyssegata ved å ta areal frå private hagar. Dette forslaget møtte stor motstand og gjekk ikkje gjennom. Arbeidet rundt tettstadprogrammet har hjå somme også henta fram gamle minner og historiar om forfordeling og ei kjensle av at lova ikkje gjeld alle. Administrasjonen i kommunen erkjenner då også at enkelte vedtak som er gjort på Ytre-Tysse, kan ha vore med på å styrkja denne kjensla.

Visuell og estetisk utforming

Ein av aktørane eg har snakka med, etterlyser eit meir heilskapleg grep på den visuelle utforminga på bygningane på Ytre-Tysse. Som eg har vist til tidlegare, ber staden preg av ein litt "rotete" byggestil. Gamle bilete viser at møneretninga på husa stort sett følgde vegretninga i Tyssegata, mens hus som er bygde i seinare tid bryt med dette mønsteret. Arkitektbruket viser i si stadanalyse til at den grønne strukturen på Tysse på ein svært god måte understrekar staden sin karakter. Fine hekkar, natursteinmurar og gjerder, markerer tydeleg grensene mellom kaiområdet og bustadområda rundt. Arkitektbruket rår i si analyse frå 1996 kommunen til å byggja vidare på prinsipp og materialbruk frå slik det var då.

Arbeidet med miljøgata vil føre til ei etterlengta opprusting av Tyssegata. I forprosjektet til Asplan Viak er det lagt vekt på at den sentrale staden er kaien framfor butikken. Her føreslår dei høg kvalitet på opparbeiding, mens det elles er lagt opp til nøkternt materialbruk. Samningane har tradisjonelt ikkje vore bortskjemt med utsmykking av offentlege uteområder. Dei er då også ganske reserverte når eg spør om forventningane til det nye uteområdet. At det kjem ein ny kai på plass er nok for mange viktigare enn korleis utforminga blir. I arbeidet med tettstadprogrammet har kommunen bevisst ikkje laga ein formingsrettleiar eller retingslinjer for korleis det skal byggjast på Ytre-Tysse. Dette er ikkje fordi dei reknar dette feltet som uvesentleg eller unødvendig. Det har først og fremst si bakgrunn i at dei ønskjer å ta ned nokre ballar før dei hiv opp nye. Med alle diskusjonane som det har vore kring arealbruk og plassering, frykta kommunen at heile prosjektet ville havarete dersom dei introduserte endå ein brannfakkell. Den andre grunnen er at kommunen erkjenner at dei per i dag ikkje har korkje kompetanse eller ressursar til å følgje opp eit slikt arbeid.

Tankar rundt interessene på Ytre-Tysse

Det er mange interesser rundt det som skjer på Ytre-Tysse, men berre i liten grad har dei ulike aktørane jobba i lag. Når eg spør om dei næringsdrivande har diskutert seg imellom ein felles strategi eller målsetning, får eg til svar at – nei det har dei ikkje. Tilhøva er så små at "alle" veit kva dei andre tenkjer og meiner, det vil sei det dei *trur* og *forventar* at andre tenkjer og meiner. I svært liten grad blir folk konfrontert med desse meiningane og bedt om å forklara og utdjupa synspunkta sine. Ei viktig målsetjing med sosiokulturelle stadanalysar er at slikt arbeid kan virke sosialt mobiliserande. Aktørar blir merksame på si eiga rolle og posisjon i lokalsamfunnet (NIBR-rapport 2002:14 Sandvika i støpeskjeen). Ved at det blir knytt kontaktar og relasjonar på tvert av sosiale og kulturelle skiljelinjer kan den sosiale kapitalen på staden auke. I små samfunn kan det vere freistande å tenkje at slik sosial mobilisering er unødvendig, sidan alle kjenner alle. Likevel kan det vere tilhøve som ligg langt tilbake i tid og som framleis hindrar god samhandling. Det finns mange døme rundt om i landet på samfunn der den eine familien ikkje snakkar med nabofamilien og visa versa. Etter kvart er det ingen som spør om årsaka lenger, det berre er sånn. I dette arbeidet har eg ikkje avdekka noko som tyder på

at dette er ein stort problem på Ytre-Tysse. Likevel opplever eg at somme fordommar har gode vekstvilkår og lever i beste velgåande. Når eg spør ein viktig næringsaktør om han opplever at dei har hatt reell medverknad svarar han: *”Nei – eg blir ikke spurt kva eg meiner lenger – dei er sikkert lei av å høyre maset mitt”*. Sosiokulturelle stadanalysar byggjer på ei forståing om at ein stad er sosialt konstruert og produsert og i stadig endring. Gjennom medverknad og samhandling utviklar ein ny kunnskap som igjen produserer endringar. Denne dynamikken mister ein dersom eine sida vel å anta at aktørane på den andre sida meiner det dei alltid har gjort. Det same blir resultatet dersom dei involverte aktørane ikkje ønskjer å la seg påverke eller vere opne for å endre synspunkt. Ordføraren har uttrykt eit klart ønskje om sterk medverknad rundt tettstadprogrammet på Ytre-Tysse. Samstundes seier fleire aktørar at dei ikkje opplever å ha reell medverknad, *”det blir slik dei vil likevel”*.

Politikarane i Samnanger har gitt administrasjonen vide fullmakter når det gjeld arbeidet på Ytre-Tysse. Somme aktørar har gitt uttrykk for at *”damene på kommunen”* styrer for mykje, mens andre meiner at det har vore nødvendig for å få realisert planane.

”Når dei først har lagt ned så mange pengar, i forprosjekt og alt, så trur eg at så lenge vi har administrasjonen med oss, dei står nokså sterkt her... dei har fått ein del fullmakter hjå politikarane... så eg trur at det skal komme noko positivt ut av det (Knut 64 år, fabrikk eigar).

Sjølv om administrasjonen har vide fullmakter til å gjennomføra ting og politikarane har gjort nødvendige vedtak, har arbeidet likevel gått seint. Ein av grunnane er få ressursar og mykje utskifting av personar i administrasjonen, men vel så viktig er forhold som ligg utanfor kommunen sin kontroll. Mellom anna har arbeidet rundt Tyssetunnelen vore tidkrevjande og til tider avgjerande for den manglande framdrifta på Ytre-Tysse. Stadig nye vedtak og tidsfristar gjer også arbeidet rundt kommunikasjon vanskeleg. Folk ventar på informasjon, medan kommunen ønskjer å få avklare vanskelege spørsmål før dei informerar. Gjennom åra har det vore fleire døme på *”no skjer det – saker”* som i ettertid har vist seg å vere for optimistiske og som det ikkje er blitt noko av. Dette gjer at trua på prosjektet minkar og det blir vanskelegare å halde trykket oppe.

Då eg starta dette arbeidet trudde eg at konflikten mellom dei to stadene Ytre-Tysse og Bjørkheim var sterkare enn den synest å vere. Framleis er det nokon som ønskjer at Tysse skal vere kommunesenter også i framtida, men politisk er det no semje om at Bjørkheim er det framtidige senteret og at det er der det må satsast tyngst. Som eg har vist til før er det få ressursar i kommunen til å drive slikt utviklingsarbeid. Det er derfor vedtatt at tettstadprosjektet på Ytre-Tysse skal gjennomførast før ein satsar for fullt på Bjørkheim.

6 Avslutning

Oppsummering og refleksjon

Formålet med dette kapitlet er først og fremst å oppsummere dei empiriske funna eg har gjort gjennom arbeidet med denne oppgåva. Funna gir nok ikkje direkte svar på dei utfordringane Samnanger kommune står overfor når det gjeld vidare utvikling av kommunen. Likevel håpar eg at dette arbeidet kan bidra til gode diskusjonar aktørane imellom og som igjen fører til at den neste store planleggingsutfordringa kommunen har, nemleg utviklinga på Bjørkheim, raskt kjem inn i eit godt og fruktbart spor.

Det har lenge vore ein politisk målsetjing i Noreg å ta vare på hovudtrekka i busettingsmønsteret. Frå statleg hald har det særleg vore fokus på å utvikle attraktive tettstader i distrikta med gode og varierte tilbod, slik at ungdom (og særleg unge kvinner) ønskjer å busetje seg der. Tettstedsprogrammet, som ble initiert av Miljøverndepartementet (2001-2005), er eitt av mange statlige program der hovudfokus låg på fysiske tiltak og nye arbeidsmetodar (Miljøvennlige og attraktive tettstader - sluttrapport, Miljøverndepartementet 2005). Seinare overtok Blest-programmet (BoLyst og Engasjement i Småbyer og Tettsteder) som rettar seg mot småbyar og tettstader med inntil 15 000 innbyggjarar. Hordaland fylkeskommune ser på kommuneplanlegging og tettstadutvikling som ein føresetnad for ei tenleg regional utvikling og legg stor vekt på samarbeid mellom regionalt og kommunalt nivå. Fylkestinget løyver også årleg pengar til ulike tiltak innan slikt utviklingsarbeid. Samanger kommune er ein av dei kommunane som har fått midlar gjennom livOGLyst-programmet og desse midlane har vore viktig for å kunne realisere tettstadprogrammet på Ytre-Tysse.

Det spesielle med Ytre-Tysse i forhold til andre tettstader som har fått offentlege midlar til utvikling, er at staden i større grad er ein "museumsstad" som lever på gamle minner, enn ein levande tettstad. Utviklinga har dei siste åra vore på Bjørkheim og det er også stor politisk semje om at det er Bjørkheim-området som skal utviklast vidare og som meir og meir vil overta dei funksjonane kommunesenteret Tysse har i dag. Kvifor vel då Samanger kommune å bruka så mykje ressursar på tettstadprogrammet på Ytre-Tysse? I følgje assisterande rådmann er det to målsetjingar med arbeidet. Det eine er at staden skal

bli heile kommunen sin tusenårstad, der historien rundt industrireisinga blir tatt vare på. Ved å pusse opp kaiområdet og etablere miljøgate og tusenårspark, ønskjer kommunen å leggje til rette for at også nye generasjonar samningar lærer å kjenne historia til staden og på den måten styrkje stadidentiteten sin. Den andre målsetjinga er at staden skal bli ein god plass å bu for dei som alt bur der, og ein attraktiv plass å flytte til for andre. Eit av spørsmåla som eg hadde då eg starta dette arbeidet, var om staden i det heile er liv laga. Er det rett bruk av offentlege midlar å prøve å blåse liv i ein nesten utdødd gamal industristad, eller burde for eksempel pengane vore brukt til å få utviklinga på Bjørkheim inn på eit godt spor? Slike spørsmål er det vanskeleg å finne eit eksakt vitenskapleg svar på, og det er heller ikkje samfunnsvitenskapen oppgåve. Den skal i følge Reitan (1993) *studere og forklare* menneskelege og sosiale relasjonar og kan ikkje, på same måte som for eksempel teknologer, produsere *løysingar* på konkrete problem. Ein samfunnsforskar produserer med andre ord forskningsresultat som planleggjarar og politikarar må tolke og eventuelt omsetje til si verkelege verd. Sosiokulturelle aspekt ved stadanalyser må vurderast ut i frå ei slik forståing (NIBR-rapport 2002:14 Sandvika i støpeskjeen). Tradisjonelle stadanalyser har i stor grad fungert som ekspertbasert kunnskap som ofte ber preg av normative vurderingar. Metodane som blir brukt ved slike analyser blir stundom kritisert for å representere ein slags ”vitenskapeliggjøring” av ”den gode smak”. I eit konstruktivistisk perspektiv, som sosiokulturelle analyser byggjer på, er det å identifisere og problematisere slike normative forutsetningar ein viktig del. I denne oppgåva har eg analysert arbeidet rundt tettstadprogrammet på Ytre-Tysse ut i frå desse prinsippa. Ved hjelp av det metodiske verktøyet som NIBR har utvikla (Røe et. al 2002), har eg prøvd å avdekkje kva bilete og førestellingar innbyggjarane i Samnanger har av kommunesenteret sitt og det tettstadprogrammet som er vedteke.

For å kunne svare på korleis prosessen rundt tettstadutviklinga på Ytre-Tysse har innverka på folk sin bruk og oppleving av staden, har eg stilt spørsmål om bruk av Ytre-Tysse, kva bilete som finns og kven sitt Ytre-Tysse som er lagt til grunn for tettstadprogrammet.

”Det skjer ingenting på Ytre-Tysse”

Når det gjeld kven som brukar Ytre-Tysse og til kva, har den største utfordringa vore at det er få som tilsynelatande brukar staden. Ein vanleg dag er det få utanom kundar til dei to utsalsstadene ein ser. Søndagar er det endå færre. Ytre-Tysse er ikkje ein naturleg samlingsstad der folk møtest. Ungdomane eg har snakka med samlast på Bjørkheim eller heime hjå kvarandre. *”Det er ingenting å gjera på Ytre-Tysse”* seier dei. Sjølv om ungdomsskulen ligg like ovanfor Tyssegata, er det sjeldan dei tar turen ned i gata. I skuletida får dei ikkje lov, og etter skuletid blir dei skyssa heimover med bussar. Berre to av elevane eg møtte i tiandeklassen bur på Ytre-Tysse. Dei andre bur spreidd over heile kommunen. På ein fin sommardag er det riktignok ein del ungdomar som brukar flytebryggja og mange har også store forventningar til den nye kaien som skal byggjast. Av dei som er fastbuande på Ytre-Tysse er det ein stor del eldre. Dei møtest på matbutikken og i Bakkafjøro. På butikken er det nokre bord og stolar der dei kan setje seg ned og drøse. På fine dagar trekkjer gjerne damene ned i Bakkafjøro. Ikkje fordi det er spesielt godt tilrettelagt for dei der, men fordi staden ligg i le for nordavinden. Dei andre som er innom tettstaden, kjem i stor grad køyrande. Når dei har gjort unna gjeremåla sine, køyrer dei igjen. Trafikksituasjonen i Tyssegata er i dag heller ikkje slik at det oppmuntrar folk til å opphalde seg der. Når eg skal undersøke kven som brukar Ytre-Tysse og til kva, blir det derfor lett for at dei eg spør snakkar om fortida, då det var liv og røre. Eller framtida, når det igjen skal bli det.

Det er store forventningar til korleis det skal bli når tunnelen er på plass og gjennomgangstrafikken forsvinn. Dei to næringsdrivande er naturleg nok uroa for at tunnelen vil føre til nedgang i omsetnaden og for at næringsgrunnlaget deira forsvinn. Eigar av Sparbutikken har alt fått godkjent eit nytt forretningsbygg på Bjørkheim og vil nok uansett satse der. Dersom det er kundegrunnlag, ønskjer han likevel å vidareføre butikken på kaien, om enn i ein annan form enn dagens. Byggevarehandelen krev mykje plass på Ytre-Tysse og er nok for somme både ei torn i auga og eit hinder for utvikling. Samstundes er butikken heilt unik og ein viktig del av identiteten til staden. Moderne butikkdrift i gamle rustikke lokaler appellerer til mange og også byfolk har fått auga opp for butikken. I følgje eigaren er det uansett utvikling ikkje aktuelt å flytte verksemda til Bjørkheim. Ikkje fordi ho er imot utviklinga på Bjørkheim, men fordi *”eg passar ikkje*

inn i eit moderne lokale som det Bjørkheim er, det er ikkje min stil". Eg har ikkje møtt på nokon som er imot den planlagde tunnelen. Sjølv om dei næringsdrivande er urolege for kundegrunnlaget, meiner også dei at tunnelen er nødvendig for vidare utvikling på Ytre-Tysse. Det som likevel har kome tydeleg fram i samtalanane med informantane, er kor ulikt dei ser for seg bruken av staden når tunnelen kjem på plass. I offisielle papir og dokument blir det snakka om å "gjenskape landsbyen" med ny næringsaktivitet i Tyssegata og "folk i husan". Kanskje med unntak av "damene på kommunen", er det ingen eg har snakka med som oppriktig trur at Tyssegata på ny blir ei travel handlegate. Derfor har det også vore store protestar på teksten i reguleringsføresegnene som seier at areal som tidlegare er nytta til forretning/næring i sentrum skal vidareførast. Ein informant seier at han har fått signal om at næring i første etasje er det kommunen ønskjer først og fremst, men dersom det visar seg at det ikkje går så... Eg vel å tyde det som at heller ikkje på kommunehuset er trua på nye næringsveksemdar særleg stor lenger.

Det folk har tru på og som mange er opptekne av, er Ytre-Tysse som buplass. Den vesle tettstaden utan gjennomgangstrafikken og med god tilkomst til sjøen, gjer at mange ser for seg ein større etterspurnad etter husvære. Den nye reguleringsplanen legg også opp til ny bustadbygging. Politkarane si haldning til nullkonsesjon, er viktig i denne samanheng. Alt i dag er det nokre av bustadane som berre er i bruk som feriebustader. Dette gjer det vanskeleg å oppfylle målet om "folk i husan". Samstundes har kommunen vurdert det slik at det er betre at bustadane blir pussa opp og brukt til feriebustader, enn at dei aldri er i bruk og forfell enda meir.

I samband med at Samnanger kommune fekk status som arvtakar etter Fylkesmannen i Hordaland sitt treårige prosjekt om småkraft, starta prosjektet Kompetansesenter for småkraft opp i 2009. Prosjektet skal gå over tre år og målet er å få etablert eit nasjonalt kompetansesenter for småkraft. Slik eg ser det vil eit slikt senter vere ein eineståande sjanse til å få aktivitet til Ytre-Tysse. I dag er prosjektkontoret lokalisert på kraftstasjonen på Frøland, men på sikt bør aktiviteten flyttast til Ytre-Tysse.

”Kva er Samanger utan Tysse”?

Det som for meg har vore mest interessant rundt arbeidet med denne oppgåva, er møta med informantane og innblikk i deira bilete og forståing av staden Ytre-Tysse. Det som er særleg spanande er korleis bakgrunn og ”det levde liv” har påverka bileta. Det er liten usemje rundt kva som er dei viktigaste bileta, men vektlegginga er noko ulik. ”Alle” er einige om at fabrikk og fabrikkbygningen har vore, og framleis er, viktig for at staden er det han er. Det same gjeld også biletet av staden som eit kraftsamfunn. Skilnaden er at biletet av Tysse som ein fabrikkstad er i ferd med å bli utviska, medan biletet av kraftsamfunnet kan bli styrka gjennom arbeidet med kompetansesenteret. Fleire informantar er opptekne av utsiktene eit kompetansesenter kan gi for ny aktivitet på Ytre-Tysse. Det er særleg dei godt vaksne som er opptekne av fabrikkstaden Ytre-Tysse. For ungdomane betyr fabrikk lite. Dei identifiserar seg i langt større grad med Bjørkheim og skisenteret i Eikedalen..

Det at det er så få som brukar staden påverkar også bileta. Ungdommane seier det er ein plass det ingenting skjer. Då eg intervjuar dei i midten av desember var badesesongen langt unna. Likevel var fine sommardagar med bading og båtliv det dei trakk fram som positivt med Ytre-Tysse. Resten av året oppheld dei seg andre stader. Også andre informantar trekkjer fram sjølivet som noko av det beste med staden. Auka grad av privatisering av sjølinja har ført til eit høg konfliktnivå som synest å ha prega arbeidet rundt tettstadutviklinga. Det at nokon ”har tatt seg til rettes” og deretter fått kommunal godkjenning, har vore vanskeleg å svelje for enkelte. Kommunen har definert Bakkafjøra som spesialområde og har på den måten sikra seg mot liknande saker i framtida.

”Samhandling er veldig kompleks”

Det er ikkje så mange som har interesser på Ytre-Tysse, men dei som har det er veldig aktive. Kommunen la tidleg opp til ein god og brei medverknadsprosess, der alle skulle få delta og kome med innspel. Etter fleire år og utallige møter mellom ulike aktørar, er det framleis usemje rundt dei vala som er gjort. For i heile tatt få til noko og kome i gang, måtte kommunen til slutt velje å ”gå utanom” viktige aktørar. Healey (1999) er oppteken

av å finne måtar som gjer oss i stand til å handtere utfordringane kring usemje innan planleggingsfeltet. Det å høyre etter og prøve å forstå kva dei andre seier, er ein av føresetningane som Healey trekkjer fram ved ein god medverknadsprosess. Gjennom samtalar med dei ulike informantane opplever eg at det på Ytre-Tysse har vore meir fokus på å fremje eige sak, enn å lytte til kva andre seier. Sjølv om ein i utgangspunktet ønskte noko anna, ber prosessen derfor preg av å vere ein tradisjonell planprosess der det er administrasjonen som produserer, mens politikarane gir signal og gjer endeleg vedtak. I slike prosessar blir det vanlegvis i mindre grad tatt omsyn til kva tankar og ønskjer ”vanlege ” folk har for staden sin. Som eg har påpeikt tidlegare, ber Tysse framleis preg av å vere ein industristad der fabrikkene også i stor grad var stadstyrande. Folk er vane med at ting blir tilrettelagt for dei. Velforeininga blei etablert etter initiativ frå kommunen og i liten grad har velforeininga kome med sjølvstendige tankar og idear. Dei har vore trufaste med (ref. ordførar). Ein av dei mest sentral aktørane, og ein av dei fremste kritikarane til tettstadprogrammet, har ikkje vore med i velforeininga. Bakgrunnen er at ho ved etableringa ikkje stetta vilkåra som var satt for deltaking.

Ein ikkje har klart å etablere ei felles forståing for korleis ein ønskjer å utvikle Ytre-Tysse og dette har prega arbeidet på fleire måtar. Det har gjort at prosessen har tatt svært lang tid og til tider vore utmattande for dei som har vore involvert. Samstundes har arbeidet ført til at administrasjonen i kommunen ikkje har hatt ressursar til å arbeida med andre viktige utviklingsprosjekt, mellom anna den på Bjørkheim. Arbeidet der har i stor grad levd sitt eige liv og kommunen har ei stor utfordring dei komande åra med å kome på banen igjen.

Sosiokulturelle stadanalyser i lys av kommunikativ planlegging

Denne oppgåva byggjer på ei forståing av at ein stad, i tillegg til fysiske bygningar, også er eit sosialt produkt som er i stadig endring (Massey 1991). I arbeidet rundt det å forstå og analysere eit slikt sosialt rom, brukar ein ofte dei tre dimensjonane

1. stad som bakgrunnsramme (”location”)
2. stad som oppleving (”sense of place”) og

3. stad som sosial kontekst ("locale")

Tradisjonell stadutvikling har vore basert på registreringar og forslag knytta til landskap og det bygde miljø. Føremålet har vore å betre dei estetiske og funksjonelle kvalitetane. I slik planlegging er det i hovudsak lagt vekt på dimensjonen "location", mens det i mindre grad er tatt omsyn til dei to andre dimensjonane. Dersom Massey si forståing av stad skal leggjast til grunn for arbeidet rundt stadutvikling, må ein bruke metodar som også tar omsyn til dei sosiale og kulturelle sidene ved staden. Sosiokulturelle stadanalyser er eit slikt metodereiskap. Det byggjer på prinsippet om at teknisk rasjonalitet ikkje er tilstrekkeleg og derfor må supplerast med ein kommunikativ rasjonalitet. Føremålet er å utvikle felles forståing og semje om kva som er best for fellesskapet. Slike kommunikative planleggingsprosessar er særleg relevant når resultatet ikkje er gitt på førehand og det er mange partar som har lik rett til å bli høyrte. Ut i frå dei funna eg har gjort gjennom arbeidet med denne oppgåva, vil eg argumentere for at det kan vere gode grunnar for å bruke prinsippa for kommunikativ planlegging også når ein skal gjennomføre analyser i små, tilsynelatande oversiktlege samfunn. Prosessen rundt tettstadprogrammet på Ytre-Tysse viser tydeleg at stadutvikling er ein sosial og kulturell prosess der ulike erfaringer, meiningar og interesser møtest. Folk blir ilagt meiningar ut i frå kva dei har meint og sagt tidlegare og det har vist seg å vere vanskeleg å legge slike ting bort og starte nye prosessar "med blank ark". Samstundes kan slike prosessar vere svært krevjande. Det gjer at små kommunar har ei stor utfordring i høve til kompetanse og tidsbruk.

Kommunikativ planlegging handlar om medverknad og arenaer for dialog. Det handlar også om å opne for andre måtar å tenkje og handle på enn den tradisjonelle planfaglege og politiske systemtenkinga. Ved å ta med seg erfaringane frå arbeidet rundt Ytre-Tysse, har Samnanger kommune eit godt utgangspunkt når dei no skal igang med utviklinga på Bjørkheim.

7 Litteratur

Bøker og artiklar:

Agnew, J.A. (1987). *Place and Politics: the Geographical Mediation of State and Society*. Allen & Unwin, London

Andenæs, A. (2000): *Generalisering: Om ringvirkninger og gjenbruk av resultater fra en kvalitativ undersøkelse*. I : Haavind, H (red) : *Kjønn og fortolkede metode, metodiske muligheter i kvalitativ forskning*, Gyldendal.

Anderssen, Heidi (2007): *Introduksjonsordningen. Inkludering, ansvarliggjøring og symbolsk vold*. Masteroppgave Universitetet i Tromsø.

Berg, Nina Gunnerud og Dale, Britt (2004): *Mennesker, steder og regionale endringer*. Tapir Akademisk forlag

Brekke, Nils Georg (1993): *Kulturhistorisk vegbok*. Hordaland fylkeskommune.

Cresswell, T. (1996): *In place Out of Place. Geography, Ideology and Transgression*. University of Minnesota Press, Minneapolis, London.

Falleth, Eva Irene og Sandkjær Hanse, Gro (2009): *Deltakelse og innflytelse i byplanlegging – en undersøkelse av reguleringsplanprosesser*. Kart og plan 1-2009

Farner, Asle (2008): *Verksted som verktøy*. Kommuneforlaget.

Guneriussen, Willy (2003): *Aktør, handling og struktur. Grunnlagsproblemer i samfunnsvitenskapene*. Tano Aschehoug

Giddens, Anthony (1984): *The Constitution of Society: Outline of the Theory of Structuration*. Polity Press, Cambridge.

Harvold, Kjell-Arve (2002): *Planleggingens “kommunikative vending”*. Nytt paradigme eller gammel debatt? *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift* vol 18 356-378. Universitetsforlaget.

Husbanken (2008): *BLEST - BoLyst og Engasjement i Småbyer og Tettsteder*

Johannessen, Asbjørn m.fl (2007): *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Abstrakt forlag.

Kristiansen, Ronny (2006): *Deltagelse, dialog og dominans – en kritisk undersøkelse av planteori og – praksis*. Masteroppgave Universitetet i Tromsø.

Kvale, Steinar (2001): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Kvidal, Trine og Nygaard, Vigdis (2009): Sosiokulturelle spenninger. Stedsidentitet i fire nordnorske kommuner. Norut Alta - Áltá as

Massey, Doreen (1991): A global sense of place. Macmillian, London

Masset, Doreen (1993): Questions of locality. Geography

Miljøverndepartementet (2005): Miljøvennlige og attraktive tettsteder. Erfaringer og anbefalinger fra Tettstedsprogrammet.

Mortensen, Fredrik Rolf Young (2004): Kunnskapsbyen Lillestrøm. En studie av retorikk og diskurser i en byutviklingsprosess. Hovedfagsoppgave Universitetet i Oslo.

Nyseth, Torill (2008): Forelesninger Kommunikativ planlegging. Universitetet i Tromsø.

Olsen, Kjell Harald (2007): Makt og medvirkning i planlegging. Innlegg på Plankonferanse i Ålesund.

Paulgaard, Gry (1997). «Feltarbeid i egen kultur. Innenfra, utenfra eller begge deler?» I: Erik Fossåskaret m.fl. (red.), *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 70-93.

Reitan, Marit (1993): Nyttig forskning til hvilken nytte. Kronikk i Aftenposten. 21. September 1993.

Ruud, Marit Ekne mfl. (2007): Veileder sosiokulturelle stedsanalyser. Akershus fylkeskommune

Røe, Per Gunnar (2002): Sosiokulturelle stedsanalyser – et supplement til de tradisjonelle stedsanalysene. Artikkel i Plan 4-5/02.

Røe, Per Gunnar m.fl (2002): Sandvika i støpeskjeen – en sosiokulturell studie av stedsutvikling. NIBR-rapport 2002:14

Røed, Ingvild (2004): Nærmiljøarbeid i et flerkulturelt område- studie av drabantbyen Fjell i Drammen. Hovedfagsoppgave Universitetet i Bergen.

Sack, R. (1997): Homo Geographicus: A Framework for action, Awareness and Moral Concern. Johns Hopkins Press. Baltimore.

Saglie, Inger-Lise og Tennøy, Aud (2000): Stedsanalyser i planlegging. NIBR

Samanger historielag sine årbøker 2000-2009

Simonsen, Kirsten og Hansen, Frank (2004): Geografiens videnskapsteori, Roskilde Universitetsforlag.

Solend, Robert (2001). SOSIAL INTEGRERING I BOLIGMILJØ. Et casestudie fra Lyderhorn borettslag i Bergen. Universitetet i Bergen.

Søyland, Kjersti (1999): "Fra stasjonsby til handelssted" i Sosiologi nr. 4. 1999 s.77 - 89

Thuen, Trond red, (2003), Sted og tilhørighet, Høyskoleforlaget AS

Vestby, Guri Mette (2003): Ungdoms bilder av bygda og tanker om framtida. NIBR

Vestby, Guri Mette og Røe, Per Gunnar (2004): Fortellingen om en stedsutvikling - en sosiokulturell prosess: Evalueringsrapportering fra arbeidet med sentrumsutvikling i Eidskog. NIBR

Vestby, Guri Mette (2009): Stedsutvikling i Eidfjord - sosiokulturell stedsanalyse. NIBR.

Widerberg, Karin (2001): Historien om et kvalitativt forskningsprosjekt. Universitetsforlaget.

Aadland, Ivar Bård (2007): Samnanger kommune 1907-2007. Samnanger kommune.

Aase, Tor Halfdan og Fossaskåret, Erik (2007): Skapte virkeligheter. Universitetsforlaget

Internettsider:

www.hordaland.no

www.husbanken.no

www.kraftsenteret.no

www.regjeringen.no

www.samnanger.kommune.no

www.samningen.no

www.ssb.no

Offentlige dokument:

Reguleringsplan med tilhørende føresegner for Ytre-Tysse revidert 9.9.2009

Kommuneplan Samnanger kommune 2007-2017

Stadanalyse Tysse, Arkitektbruket 1996

Forprosjekt Miljøgate Ytre Tysse Asplan 2008

8 Vedlegg

Intervjuguide

1. Kvar bur du?
 - bustad
 - familie

2. Kva jobbar du med?
 - interesser
 - fritidsaktivitetar

3. Kva vil du trekke fram som positive sider ved Ytre-Tysse?
 - Kultur
 - Natur
 - Historie
 - Korleis er det for barn, unge, eldre?

4. Kva vil du trekke fram som negative sider ved Ytre-Tysse?

5. Kva trur du folk utanfor tenkjer om Ytre-Tysse?
 - Kvifor?
 - Er det riktig?

6. Kva interesser eksisterar for utvikling av Ytre-Tysse?
 - Er det motsetningar?
 - Konflikhtar?
 - Kva bunner dei eventuelt i?

7. Kva førestellingar/bilete har **du** om staden sine moglegheiter, potensielle forutsetningar?
- Vekst
 - Ny næring
8. Kva veit du om tettstadprosjektet på Ytre-Tysse?
9. Har du vore involvert, og eventuelt korleis, i arbeidet med tettstadprosjektet?
10. Kva forventningar har du til prosjektet?
11. Dersom du hadde ein sentral posisjon i arbeidet rundt utvikling av Ytre-Tysse, kva element ville du bygd staden sin identitet rundt?
12. Korleis ser du utviklinga av Ytre-Tysse i lys av det som skjer på Bjørkheim?
- Fleirbrukshall
 - Flytting av kommunehus
 - Flytting av kommunesenter